



LINDÅS KOMMUNE

ØKONOMIPLAN 2015-2018

FRAMLEGG FRÅ RÅDMANNEN 3. NOVEMBER 2014



DER DRAUMAR BUR RØYNDOM



Framlegg til vedtak:	5
Rådmannen si innleiing til budsjettet	6
Rådmannen sine hovudmål for utviklinga av Lindås kommune:	6
Stats- og nasjonalbudsjettet	9
Disponible inntekter	13
Renteinntekter og utbytte	14
Rente- og avdragsutgifter	15
Disposisjonsfond.....	16
Økonomiplan for tenesteområda	17
Politisk styring	20
Administrativ styring, andre støttefunksjonar	21
Budsjett og økonomiplanperiode.....	21
Oppvekst	22
Budsjett og økonomiplanperiode.....	22
Kommunale barnehagar	23
Lærings- og utgreiingssenter	24
PPT.....	24
Kultur og aktivitetar.....	24
Helsestasjon for born og unge.....	24
Barnevern	24
Den kommunale grunnskulen i Lindås kommune.....	25
Pleie og omsorg	27
Budsjett og økonomiplanperiode.....	27
Bestillarkontor	27
Sentralkjøkken.....	28
Sjukeheimar	28
Heimetenesta	28
Tenester for funksjonshemma	28
Helse og sosial	29
Budsjett og økonomiplanperiode.....	29
Eining for Helsetenester:.....	29
NAV.....	30
Plan, samfunn og utvikling	31
Budsjett og økonomiplanperiode.....	31
Næring	31

Plan, byggesak, landbruk og geodata	32
Teknisk drift.....	33
Brann- og redningsteneste:.....	33
Eigedom	33
Reinhald	34
Investeringsbudsjett	35
Innleiing.....	35
Oversyn	36
Kommentarar til prosjekta	37

Framlegg til vedtak:

1. Investeringsbudsjettet for 2015 er basert på forventna framdrift på tidlegare vedtekne og ein del nye mindre prosjekt, og er retningsgjevande for dei seinare åra i økonomiplanperioden. Ut frå denne framdriftsplanen tar Lindås kommune opp nye lån på i alt 162 516 000 kr i 2015. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne opptak av låna.
2. Økonomiplan for 2015-2018 og årsbudsjett for 2015 blir vedteke. Årsbudsjettet for 2015 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei seks tenesteområda, jf. eigen tabell.
3. Rådmannen får fullmakt til å fordele sentralt avsett lønsauke og pensjon til tenesteområda. Rådmannen får også fullmakt til å fordela sentral avsetning til grunnskulen knytt til skyss, symjeopplæring og utdanningsval. Tilsvarande for sentralt avsette midlar til målretta seniortiltak, og omfordeling av kompetansemidlar ut frå dokumenterte behov.
4. I medhald av eigedomsskattelova, §§ 2 og 3 bokstav c), skal det for skatteåret 2015 skrivast ut eigedomsskatt på verk og bruk. Eigedomsskattesatsen er 7 promille (jf. esktl. §11). Eigedomsskatten skal betalast i to terminar. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt bruker kommunen vedtekter for taksering av eigedomsskatt gjeldande frå 1.1.2013.
5. Formannskapet får fullmakt til å avgjera ein-skildsaker om skattefritak og nedsetting-/ettergjeving.
6. Kompensasjonen for meirverdiavgift vedrørande Lindås kyrkjelege fellesråd sine investeringar, skal refunderast til Lindås kommune (unnateke ny kyrkje i Knarvik).
7. Det vert gjeve ei ramme på 950 000 kr til kontrollutvalet.
8. Det skal overførast 500 000 kr frå generelt disposisjonsfond til næringsfond.
9. Det overførast 5 000 000 kr frå generelt disposisjonsfond til infrastruktur fond. Eigne retningslinjer for bruk av fond skal vedtakast i kommunestyret før fondet vert nytta.
10. Det vert gjeve eit driftstilskot til Lindås kyrkjelege fellesråd på 11 400 000 kr.
11. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
12. Godtgjersle til ordførar blir sett til kr og til varaordførar kr for 2015.

Rådmannen si innleiing til budsjettet

Rådmannen sine hovudmål for utviklinga av Lindås kommune:

- Skape eit økonomisk handlingsrom til å investere i strategisk prioriterte tenester og attraktiv samfunnsutvikling.
- Sikre betre styring og kvalitet i tenesteproduksjonen.
- Utvikle effektive og smarte arbeidsprosessar som har meirverdi for kunde og brukar.

Handlingsrom for utvikling

Rådmannen ønskjer å ha eit økonomisk handlingsrom til å yte best mulig tenester tilpassa innbyggjarane sitt behov, både noverande behov og framtidige behov. I tillegg ønskjer rådmannen å ha eit handlingsrom til å investere i ny samfunnsutvikling, som kan gjere kommunen meir attraktiv og spennande. Nøkkelordet er handlingsrom. I motsetnad til mange andre kommunar, har Lindås kommune gode føresetnadar for å ha eit økonomisk handlingsrom. Kommunen har i mange år hatt høge inntekter frå eigedomsskatten, og desse inntektene er brukt til å yte gode tenester med høg kvalitet. Ei av utfordringane er at inntektene frå eigedomsskatten ikkje blir indeksregulert, noko som betyr at den reelle verdien blir mindre og mindre for kvart år i ein 10 års periode. Vidare har regjeringa også signalisert at dei vil endre innretninga på eigedomsskatten, som gjer at dette kan bli ein usikker faktor i framtida.

Lindås kommune har i hovudsak brukt det økonomiske handlingsrommet til å finansiere eit høgere driftsnivå. Samanliknar vi Lindås med andre tilsvarende kommunar (KOSTRA), er det på fleire områder langt høgare driftskostnader, spesielt innanfor oppvekst og pleie/omsorg. I tillegg har Lindås kommune gjennomført store investeringar, spesielt på skulesektoren, og desse investeringane er i hovudsak finansiert gjennom låneopptak. Resultatet er høge driftskostnader, høge kapitalkostnader og høg gjeld. Det økonomiske handlingsrommet er derfor blitt stadig mindre. For budsjettet 2015 er situasjonen alvorleg. Handlingsrommet er i praksis borte og det er ikkje mulig å få eit budsjett i balanse utan betydelege innsparingar. Hovudutfordringane i budsjettprosessen for 2015 har vore lågare inntekter frå utbytte (10 mill. kr), lågare skatteinngang enn forventa (vidareføring av reduksjon i 2014 – 7,4 mill. kr), reduksjon i eigedomsskatt (5 mill. kr) og uttrekk av medfinansiering (2 mill. kr). I tillegg synar framlegg til statsbudsjett at utgiftene knytt til plasseringar

innan barnevern vert auka og refusjonen for ressurskrevjande brukarar vert redusert.

Innsparingstiltaka må kome både i lovpålagte tenester og andre tenester. Eigen tabell over innsparingstiltaka på side 17.

Kvifor skal vi ha eit økonomisk handlingsrom?

Lindås kommune har store utfordringar i den komande økonomiplanperioden, og i mange av utviklingsprosessane er det forventa at kommunen spelar ei aktiv rolle. På enkelte områder er det forventa at kommunen bidrar konkret med pengar til å få i gang utviklingsprosessar. Utan eit økonomisk handlingsrom er det ikkje mulig for kommunen å ta ei aktiv rolle i slike prosessar. Sentrale utviklingsområder er:

- Kommunen er i vekst og det er store planar om utvikling både på Mongstad og i Knarvik, spesielt knytt til infrastruktur. Det er forventningar om at kommunen skal ta ei aktiv rolle i utviklinga av desse områda.
- Det er generelt eit stort behov for betre infrastruktur som til dømes veg, breiband og næringsareal.
- Kommunen har mykje kvm med bygg og anlegg, i tillegg til mange km med kommunale vegar. Det er viktig å få på plass strategiar for verdibevarande vedlikehald, som kan bidra til lengre levetid og høgare standard.
- Omsorgstrappa må byggast ut og eldreomsorga skal byggast om. Det blir meir heimebaserte tenester, omsorgsteknologi og kvardagsrehabilitering. Lindås er leiande på dette området i dag gjennom eit utviklingsprosjekt, men korleis skal vi få dette inn i ordinær drift?
- Det er meir fokus på folkehelse i samfunnsutviklinga og kommunen har gjennom lovverket eit ansvar for å legge til rette, for å sikre meir førebygging og mindre reparasjon.
- Kommunen må bygge ut moderne og profesjonelle tenester, og aktivt bruke teknologi i tenesteproduksjonen for tilpasse seg «service – og appsamfunnet».
- Kommunen er inne i ein diskusjon rundt framtidig kommunestruktur, dette vil påverke kommunen både på drift og investering.

Lindås 2019 – ein betre kommune. Frå omstilling til kontinuerleg betring.

I tidligare budsjettprosessar har det frå rådmannen si side blitt tydeleg signalisert at driftsnivået har vore for høgt, og at det har vore viktig å få til ei berekraftig økonomisk utvikling. I den politiske prosessen for budsjett 2014 blei det vedtatt eit

omstilling- og utviklingsprogram, med tydelege mål, både økonomisk og for å utvikle organisasjonen fram mot 2025. I løpet av 2014 er det gjennomført ei omfattande gjennomgang av heile organisasjonen, kor ein spesielt har sett på tenesteni- nivå, tenestestruktur og organisering. I tillegg har ein vurdert konkurranseutsetting. Tenesteni- vået ligg høgt samanlikna med andre kommunar. I tillegg har kommunen også ein kostnadskrevjande struktur innanfor til dømes skule og nattevaktste- nesta. Dette er områder vi må sjå vidare på gjen- nom planar og prosjekt.

Fokus i omstillingsprogrammet har heile tida vore omstilling, men i løpet av hausten har rådmannen sett at ein bør legge meir vekt på å utvikle ein organisasjon som jobbar kontinuerleg med bet- ringsprosessar. Rådmannen vil derfor lansere eit utviklingsprogram kalla «Lindås 2019 – ein betre kommune». Målet med programmet er å utvikle ein organisasjonen som har betre styring, betre leiging, betre prosjektstyring, betre økonomi- styring, betre planverk og betre brukarorientering i tenestene. Programmet består av ei rekkje utvik- lingsprosjekt, som skal bidra til at kommunen står rusta til å møte dei utfordringane som kjem i fram- tida. Tidsperspektivet i programmet er fram til 2019, slik at ein kan sjå det i samanheng med pro- sessane rundt kommunestruktur.

Nytt fokus – men same økonomiske innspa- ringsmål

Sjølv om omstillings- og utviklingsprogrammet får eit anna fokus, ligg dei same økonomiske måla til grunn. Driftsnivået i Lindås kommune må betyde- leg ned for å skape eit økonomisk handlingsrom. I tillegg er det eit mål å driftsfinansiere fleire av investeringane, slik at lånegjelda blir mindre. I 2014 blei det lagt inn ei innsparing på over kr 40 mill i økonomiplanperioden. I rådmannen sitt for- slag til ny økonomiplan 2015 - 2018 er det lagt inn innsparingar på over kr 53,6 mill. For å få til eit budsjett i balanse for 2015, har rådmannen lagt inn konkrete innsparingstiltak på kr 13,5 mill, med heilårseffekt på kr 24,6 mill. Det vil berre vere rom å setje av 3,5 mill. kr på disposisjonsfond i 2015. Sentrale innsparingstiltak i 2015 er:

- Reduksjon på over 8,3 årsverk på skule, gjeld grunnbemanning på alle skulane i Lindås
- Nedlegging av Myking skule (Kommunedel- plan skulestruktur)
- Effekt av nedlegging Skodvin skule
- Reduksjon av leiarfunksjonar innafor fleire tenesteområde
- Reduksjon grunnbemanning sjukeheim, heimeteneste og nattevakt
- Fjerne diverse stillingar og avtalar

- Redusere merkantile ressursar

Fullstendig oppsett over tiltak i 2015 framgår på side 16.

For å auke avsetnaden til disposisjonsfond i øko- nomiplanperioden legg rådmannen opp til å gjen- nomføre fleire organisatoriske prosjekt med sikte på å redusere driftsutgiftene. Desse prosjekta vil mellom anna omfatte:

- Leiging (sentral adm og stab/ støtte, oppvekst, helse og omsorg og teknisk sektor)
- Merkantilprosjekt for å utnytta ressursane betre på tvers av organisasjonen
- Kontorprosjekt med sikte på å samlokalisere funksjonar som drar nytte av kvarandre i til- legg til å redusere leigd areal
- Skulestruktur
- Grunnbemanning på skule, sjukeheimstene- ta, heimetenesta og eining for funksjons- hemma
- Betre utnytting av nattevakter på tvers av einingar
- Reinhold og tenesteområde plan, samfunn og utvikling (den tekniske delen)

I økonomiplanperioden er det lagt opp til å setje av 14 mill. kr på disposisjonsfond i 2016, og hhv. 11 og 19 mill. kr i 2017 og 2018. Dette vil gje ein saldo på 77 mill. kr ved utgangen av 2018. Slik det ser ut pt. vil rådmannen i 2018 legge opp til at investeringane vert delfinansiert av midlar satt av på disposi- sjonsfond. Det bør vere avsett mellom 60-80 mill. kr på disposisjonsfondet før investeringane vert driftsfinansiert.

Investeringar

Rådmannen vidarefører i hovudsak dei investe- ringane som låg i førre økonomiplan. I tillegg til framlegg om mindre investeringar er Knarvik bar- neskule lagt inn med ei estimert ramme på kr 150 mill. Det er planlagt byggestart frå 2017.

Verktøykasse for utvikling

Som tidligare skissert står kommunen framfor store utviklingsoppgåver i åra framover. Det er derfor viktig at kommunen prøver å skapa eit handlingsrom til å bidra i utviklingsarbeidet. Råd- mannen ønskjer å vidareføre næringsfondet i sin noverande form, det er eit viktig verktøy for å få fram eit bredt næringsliv i kommunen. Rådman- nen gjer framlegg om at Næringsfondet blir tilført kr 500.000 i 2015. For å sikre at kommunen kan vere ein aktiv samarbeidspart i infrastrukturbyg- ging, gjer rådmannen framlegg om å opprette eit infrastrukturfond i første omgang på kr 5 mill. Midlane vert henta frå disposisjonsfondet. I tillegg bør kommunen i løpet av 2015 vurdere eigar-

strategien sin, for sikre at eigne selskap har dei rette formåla for å realisere dei strategiane kommunen legg opp til (til dømes Lindås Tomteselskap).

Oppdatert planverk og heilskapleg styring

Kommunal planstrategi er kommunens viktigaste verktøy for å prioritere kva områder kommunen skal satse på. Planstrategien legg føringar for korleis ein skal bygge opp eit heilskapleg planverk med overordna planar og årlege planar. For politikarar og rådmann er det viktig at det er ein raud tråd i planverket, slik at avdelingar og den einsskilte medarbeidar faktisk arbeider med det som er politisk vedtatt i overordna planar. Rådmannen vil i 2015/2016 prioritere å få på plass ein oppdatert planstrategi og planverk som er tydelegare på kva som skal prioriterast. I tillegg er det viktig å få på plass eit heilskapleg styring- og kvalitetssystem. Det skal sikre at kommunen driv tenestene etter dei krav som kjem fram av lovverk, vedtak og prosedyrar. Betre planverk og heilskapleg styring er ein viktig del av programmet Lindås 2019.

Andre tiltak som rådmannen vil gjennomføre i planperioden er

- Auke satsing på vedlikehald av bygg og anlegg gjennom vedlikehaldsplan.
- Alle utviklingsprosjekt skal organiserast som eit prosjekt. Det blir etablert ein prosjektskule for å sikre opplæring og kompetanseoverføring.
- Betre prosjektstyring og styring/kontroll av investeringsprosjekta. Innføre nye oppfølgings- og rapporteringsrutinar, samt eit system for prosjektstyring.

- Innføre LEAN som metodikk for kontinuerlig betring i heile organisasjonen.

Opptakt til budsjettprosessen

Rådmannen har gjort greie for budsjettutfordringane i 2015 og i økonomiplanperioden på formannskapsmøta 22. mai og 4. september 2014, i tillegg til å leggje fram hovudlinjene i rådmannens framlegg til økonomiplan 30. oktober 2014. Bodsken om at kommunen ikkje har ein berekraftig økonomi på lang sikt, har vore tydeleg. Det å sikre kommunen eit økonomisk handlingsrom vil derfor vere eit viktig utgangspunkt for rådmannen sitt budsjettarbeid. Sentrale problemstillingar som er kommunisert er mellom anna at Lindås kommune har for høge driftskostnader og må nytta inntekt frå eigedomsskatt til drift for å klare å finansiere driftsnivået. Driftsnivået må betydeleg ned for at ein skal klare å nytta inntekter frå eigedomsskatt til finansiering av investeringane. Ein målsetnad for rådmannen på sikt er å nytte ekstraordinær inntekt (som eigedomsskatt og utbytte) til å finansiere investeringar eller utviklingsprosjekter som ikkje er ordinær drift.

Rådmannen sitt framlegg er drøfta med dei hovduttillitsvalde. Informasjon om rådmannens budsjettforslag vart gjeve i HTV-møte 3. november.

Stats- og nasjonalbudsjettet

Administrasjonen gjev i dette kapitlet eit kort oversyn over dei viktigaste punkta frå statsbudsjettet 2015 – kommuneopplegget. Oversynet er basert på fylkesmannen si oppsummering.

Endringar i det økonomiske opplegget for 2014

I revidert nasjonalbudsjett var det ein pårekna skatteauke for kommunane i år med i underkant av 3,0 prosent. Dei pårekna skatteinntektene er no justerte ned med 750 mill. kr. samla for kommunane i landet i høve til nivået i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna skatteauke for i år blir med dette justert ned frå 3,0 prosent til i underkant av 2,4 prosent.

Lågare skattevekst i år enn tidlegare pårekna, har samanheng med noko svakare vekst i norsk økonomi, også litt lågare lønsvekst.

Nedjusteringa av skatteinntektene i år skal ikkje ha innverknad på kommunane sitt inntektsnivå samla i 2015.

Prisindikatoren for kommunal tenesteyting var i revidert nasjonalbudsjett 3,0 prosent. Lønsvekst utgjer i underkant av 2/3 av prisindikatoren og var 3,3 prosent. Prisvekst på varer og tenester utgjer resten av prisindikatoren.

Prisindikatoren og pårekna lønsvekst for i år er no uendra i høve til revidert nasjonalbudsjett.

Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2015

Prisindikatoren for 2015 er i framlegget 3,0 prosent. Prisindikatoren blir nytta til prisjustering av statleg rammeoverføring og øyremerka tilskot i statsbudsjettet.

Prisindikatoren består av :

- Lønsvekst 3,3 prosent
- Varer og tenester 2,5 prosent
- Samla prisvekst 3,0 prosent

Skatteinntekter

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2014 til 2015 med 4,7 prosent. Denne auken er rekna i høve til det som no er pårekna skatteinngang for i år.

Skatteøyret for kommunane er i 2014 11,4 prosent. Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir 11,25 prosent for 2015.

Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere 40 prosent. I denne samanheng er det mellom anna teke omsyn til uttrekk av omlag 5,7 mrd. Kr. frå rammetilskot, som følgje av avvikling kommunalt medfinansieringsansvar i Samhandlingsreforma, og nye reglar for skatt av uføretrygd.

Frie inntekter - skatt og rammeoverføring samla

Dei frie inntektene samla i 2015 for kommunane er på same nivå som signalisert i kommuneproposisjonen. Lågare skatt i 2014 skal ikkje ha innverknad på inntektsnivået i 2015.

Pårekna skatt og inntektsutjamning byggjer på kommunane sin reelle skatteinngang i 2013. I høve til dette grunnlaget er det justert for pårekna skatteutvikling i 2014 og 2015.

I berekning av skatteprognose for 2015 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskap 2013 for alle kommunane uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2013. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning.

Kommunane kan ta utgangspunkt i prognosen for frie inntekter, men må justera for lokale tilhøve knytt til skatteutvikling. Folketalsutviklinga fram til 01.01.2015 vil dessutan påverka inntektsutjamninga i rammeoverføring.

Veksten i rammeoverføring frå 2014 til 2015 vil variere mellom kommunane. Hovudårsakene er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt:

- verknad av endringar i inntektssystemet
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- endra kriteriedata og befolkning
- endring i veksttilskot
- endring i distriktstilskot

Prisjustering frå 2014 til 2015 er innarbeidd i oversynet for dei frie inntektene.

Samla vekst i frie inntekter

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2014 til 2015 med omlag 3,9 mrd. Kr. Denne veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Veksten er realauke, det vil seie at prisjustering til 2015 - kroner kjem som ei påplussing.

Det er lagt opp til at auken i dei frie inntektene frå 2014 til 2015 for ein stor del skal dekka auka ressursinnsats i kommunane til:

Befolkningsutvikling

Meirutgifter som følgje av befolkningsutviklinga, mellom anna fleire eldre. Meirutgifter knytt til befolkningsveksten som må bli dekte av veksten i dei frie inntektene for kommunane kan reknast til om lag kr. 2,1 mrd. Heile denne utgiftsveksten er knytt til primærkommunane.

Pårekna meirutgifter knytt til befolkningsutviklinga som må bli dekte av dei frie inntektene er no redusert til 2,1 mrd. , frå kr. 2,7 mrd. i kommuneproposisjonen. Dette skuldast nye befolkningsframskrivingar som gjer uttrykk for ei lågare befolkningsvekst enn i tidlegare framskrivingar. Reduksjonen er i hovudsak knytt til pårekna nedgang i talet på barn i barnehagealder, medan det tidlegare var rekna med vekst i denne aldersgruppa.

Meirutgifter - i samband med befolkningsutviklinga - utover dei nemnde kr. 2,1 mrd., er rekna med å bli dekte av andre inntekter t.d. leigeinntekter, gebyr m.m.

Pensjonskostnader

Det er venta at pensjonskostnadene for kommunane vil auke ut over det som blir kompensert gjennom prisjustering av inntektene. For kommunane kan denne meirutgifta, ut over pris-kompensasjon, reknast til om lag kr. 0,45 mrd.

Auken i pensjonspremie har samband med lønsutviklinga, låg rente og auka levealder. Redusert amortiseringstid for premieavvik (for nye premieavvik f.o.m. 2014) frå ti år til sju år vil ha budsjetteffekt frå 2015 og bidra til auka amortiseringskostnader og derav auka pensjonskostnader.

Rusproblem og psykiske lidingar

Kr. 200 mill. av veksten i dei frie inntektene er knytt til behovet for å styrka dei kommunale tenestene til personar med rusproblem og personar med psykiske lidingar.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta

Kr. 200 mill. av veksten i dei frie inntektene er knytt til behovet for å styrka helsestasjon- og skulehelsetenesta. Dette er ei ekstra satsing frå tilskotsnivået i 2014, det vil seie frå kr. 180 mill. i 2014 til kr. 380 mill. i 2015.

Meir fleksible barnehageopptak

Regjeringa vil arbeide for meir fleksible barnehageopptak. Kr. 100 mill. av veksten i kommunane sine frie inntekter er retta inn mot å redusera ventetida for å få barnehageplass.

Det er rekna med ein nominell vekst i kommunane sine samla frie inntekter på landsbasis frå 2014 til 2015 med 4,8 prosent. Veksten er rekna i høve til noverande pårekna inntektsnivå i år (reduert med lågare skatt). Med pårekna prisvekst i kommunesektoren på 3,0 prosent, svarer dette til ein realauke på 1,8 prosent i frie inntekter for kommunane samla i landet frå 2014 til 2015.

For kommunane samla i Hordaland (med Bergen kommune) er den nominelle veksten i dei frie inntektene rekna til 5,4 prosent. For Bergen kommune er pårekna inntektsvekst 5,3 prosent. For kommunane samla i fylket utanom Bergen, har høgare pårekna vekst i dei frie inntektene enn landsgjennomsnittet, samband med at fleire kommunar kjem positivt ut av omlegginga i veksttilskotet.

Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne samband. Utrekna prosentvekst - som nemnd i avsnittet over - i dei frie inntektene, er korrigert for oppgåveendringar, slik at endring i rammeoverføring i denne samband ikkje er rekna med i den nemnde prosentveksten.

I tillegg til punkta under, vil også bortfall av kompensasjon i samband med Samhandlingsreforma vere ei slik oppgåveendring.

Barnehagar

Regjeringa gjer framlegg om å auka maksimalprisen for foreldrebetaling i barnehagar reelt med kr. 100,- pr. månad til 2.580 kr frå 01. januar 2015. Rammetilskotet til kommunane blir som følgje av dette redusert med kr. 312 mill.

Regjeringa gjer framlegg om å innføra eit minstekrav til redusert foreldrebetaling for familiar med låg inntekt. Foreldrebetalinga for ein heiltidsplass i barnehage skal årleg maksimalt utgjere 7 prosent av familien sine samla inntekter, med iverksetjing frå 01. august 2015. Det blir gitt kompensasjon gjennom rammetilskotet til kommunane med kr. 111,6 mill.

I statsbudsjettet for 2014 vart rammetilskotet redusert som følgje av at det var venta mindre etterspurnad etter barnehageplassar som følgje av auka kontantstønad for eittåringar. I revidert nasjonalbudsjett vart dette delvis reversert, slik at det i 2014 er ein netto effekt av uttrekket på rammetilskotet. Dette uttrekket (nettoverknad) får ein heilårsverknad på rammetilskotet i 2015, kr. 243,4 mill. i trekk.

Heilårsverknad i 2015 av opptrappinga av minimumstilskotet til ikkje - kommunale barnehagar frå 96 prosent til 98 prosent frå 01.august 2014. det

blir gjeve kr. 95,9 mill. i kompensasjon over rammetilskotet.

Auka kommunal eigendel i statlege barnvernsinstitusjonar

Regjeringa gjer framlegg om å auka den kommunale eigendelen ved plassering i barnevernsinstitusjonar til inntil om lag kr. 65.000,- pr. månad frå 01.januar 2015. Det er framlegg om kompensasjon i rammetilskotet for 2015 med kr. 164,8 mill.

Nytt valfag i ungdomsskulen

Det er innført 1 ½ time valfag (to «skuletimar») i veka pr. årstrinn i ungdomsskulen. Det er innført for 8.trinn frå hausten 2012, 9.trinn frå hausten 2013 og er utvida til 10. trinn frå hausten 2014.

Det blir lagt inn auka kompensasjon i rammetilskotet for 2015 for heilårsverknad av opptrappinga i 2014 for 10.trinn, kr. 98,4 mill. i kompensasjon.

Kulturskuletilbod i skulen/SFO

Ordninga med ein veketime kulturskuletilbod i skule/SFO - tida (første til fjerde barnetrinn) er avvikla frå og med skuleåret 2014 - 2015. Bortfall av kompensasjon får heilårsverknad i 2015, kr. 108 ½ mill. i trekk.

Gratis frukt og grønt

Ordninga med gratis frukt og grønt på skuler med ungdomstrinn er avvikla frå og med skuleåret 2014 - 2015. Bortfall av kompensasjon får heilårsverknad i 2015 med kr. 154 ½ mill. i trekk.

Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)

Stortinget har vedteke endringar i lov om brukar- og pasientrett frå og med 2015, som inneber ein rett til å få tenester organisert som personleg brukarstyrt assistanse. Det omfattar tenester etter helse- og omsorgstenestelova for personar under 67 år. Dei samla meirkostnadene er rekna til kr. 300 mill. i 2015, aukande til kr. 500 mill. i 2016. Kommunane blir kompensert gjennom ein auke i rammetilskotet med kr. 300 mill. i 2015.

Rentekompensasjon skulebygg og symjeanlegg

Rentekompensasjonsordninga for lån til rehabilitering og nybygg av skular og symjeanlegg blir vidareført i 2015. Det er lagt opp til ei samla investeringsramme, som grunnlag for rentekompensasjon, på kr. 15 mrd. fordelt over åtte år frå og med 2009. For 2015 er ramma for skulebygg og symjeanlegg, som grunnlag for rentekompensasjon, kr. 3,0 mrd. Investeringsramma omfattar både kom-

munane og fylkeskommunane. Ordninga blir administrert av Husbanken.

Samhandlingsreform

Reforma blei innført frå 01. januar 2012. I 2012 vart det lagt inn i rammeoverføring i overkant av kr. 5 mrd. til kommunal med- finansiering og kr. 560 mill. til betaling for utskrivingsklare pasientar (2012-kroner).

Ordninga med kommunalt medfinansieringsansvar (20 prosent av utgiftene i sjukehus) blir avvikla i 2015. Kompensasjon for ansvaret for medfinansiering, om lag kr. 5,7 mrd., blir difor trekt ut av rammeoverføring til kommunane i 2015. Den samla ramma for kommunane for uttrekk er basert på pårekna faktiske utgifter til medfinansiering i 2015 dersom kommunane framleis hadde hatt dette ansvaret. Trekket mellom kommunane blir fordelt etter delkostnads-nøkkelen for samhandlingsreforma, ikkje faktiske utgifter til medfinansiering i den einskilde kommune.

Kompensasjon for betaling for utskrivingsklare pasientar blir i 2015 vidareført med pris-justering og fordelt mellom kommunane etter delkostnadsnøkkel for pleie og omsorg.

Døgnopphald - hjelp

Det blir ein plikt for kommunane frå 01. januar 2016 å tilby døgnopphald for personar med behov for hjelp med ein gong. Det har vore lagt opp til ei gradvis oppbygging for å sikre at kommunane får tid til å bygge opp tenesta.

2015 er det siste året i opptrappingsplanen over fire år. Finansieringa er delt mellom halvdel som øymerka tilskot og halvdel frå dei regionale helseføretaka når tilbodet er blitt etablert.

Dagtilbod demente

Det øymerka tilskotet til dagaktivitetstilbod for demente vert styrka.

Sjukeheimplassar og omsorgsbustader

For 2015 er det framlegg om å gje tilsegn om tilskot for om lag 2500 nye einingar med heildøgns omsorg, fordelt mellom omsorgsbustader og sjukeheimplassar.

Maksimalt berekningsgrunnlag av investering for kvar eining er kr. 2.885.000,- i 2014. Dette grunnlaget vert auka i 2015.

Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av

alder, diagnose og funksjonshemming. Tilskotet kan gå til bygging, kjøp eller utbetring.

Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerka tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei vert 67 år. Det har vore ein betydeleg auke i talet på mottakarar og utgifter pr. tenestemottakar. Staten sitt samla tilskot har difor auka mykje over fleire år, og utgiftene veks framleis mykje. Samla utbetaling var kr. 7 ¼ mrd. i 2014.

Det er lagt opp til følgjande for 2015:

Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået.

Innslagsnivået for å få kompensasjon vert auka pr. brukar frå kr. 1010.000,- til kr. 1080.000,- for netto utgifter i 2014. Denne auken i innslagsnivå er større enn på-rekna lønsvekst frå 2013 til 2014. Føremålet med auken i innslagsnivå utover løns-vekst, er å stramma tilskotsordninga noko inn.

Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2015 skal kommunane inntektsføra sine rekneskap for 2014. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i same året som utgiftene har vore.

Tilskot for psykisk utviklingshemma (16 år og eldre), som del av rammeoverføring, blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle øyremerka tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.

Endring arbeidsgjevaravgift

31 kommunar i landet er frå 01.juli i år overførte til sone med lågare arbeidsgjevaravgift. I Hordaland er kommunane Tysnes, Kvinnherad og Jondal overførte frå sone 1a til sone 2 frå 01.juli i år. Det blir ikkje gjort noko trekk i rammeoverføring / skjønstilskot for 2014.

Inntektssystemet i 2015

Inntektsutjamning av skatteinntekter i høve til landsgjennomsnittet blir vidareført med 60 %. Tilleggskompensasjon (35 % under skattenivå 90 % av landsgjennomsnittet) blir vidareført.

Kommunane med under 3200 innbyggjarar får småkommunetilskot, dersom kommunen sitt skattenivå var under 120 prosent av landsgjennomsnittet for dei siste tre åra i gjennomsnitt.

Det er frå og med 2011 gitt ein eigen kompensasjon til kommunar som har årleg tap på over kr. 100,- pr. innbyggjar i samband med endringane

i inntektssystemet i 2011. Samla kompensasjon til kommunane i landet er om lag kr. 400 mill. årleg. Denne ramma blir fordelt av Kommunaldepartementet mellom kommunane. Ramma blir vidareført på same nivå i 2015 som i dei førre åra, for dei aktuelle kommunane. Fordelinga mellom kommunane ligg fast til neste revisjon av kostnadsnøkane i inntektssystemet.

Ordninga med inntektsgarantitilskot (INGAR) gir kompensasjon for ei utvikling i ramme-tilskotet meir enn kr. 300,- pr. innbyggjar under landsgjennomsnittet frå eit år til det neste. INGAR tek ikkje omsyn til endring i skatt, inntektsutjamning, veksttilskot og skjønstilskot.

INGAR tek omsyn til endringar i inntektssystemet, innlemming av øyremerka tilskot i rammeoverføring, oppgåveendringar og endringar i kriteriedata. Endringa i distriktstilskotet for Sør-Noreg frå 2014 til 2015 og bortfall kompensasjon for kommunal medfinansiering blir også teken omsyn til gjennom overgangsordninga.

Telletidspunktet er innbyggjarar pr. 01.07. i år for innbyggjartilskot og for utgiftsutjamninga, med aldersfordeling, som grunnlag for rammeoverføring i 2015. For inntektsutjamninga i 2015 er telletidspunktet 01.01.2015. For andre kriterium i utgiftsutjamninga enn aldersfordeling, er telletidspunktet 01.01.2014 for rammeoverføring i 2015.

Det er endring i ordningane for veksttilskot og distriktstilskot frå og med 2015. For veksttilskotet er det no i framlegget til statsbudsjett lagt opp til følgjande endringar i høve til kommuneproposisjonen;

- vekstgrensa vert redusert frå 1,7 prosent til 1,6 prosent av gjennomsnittleg årleg folketalsvekst dei siste 3 åra.
- tilskotssats for kvar ny innbyggjar ut over vekstgrensa blir redusert frå kr. 60.000,- til kr. 55.000,-.

Kommunereform

Vi har i vårt brev av 20. mai d.å. om kommuneproposisjonen omtalt dei økonomiske verkemidla i reformperioden.

Det er lagt opp til at minstegrensa - med omsyn til innbyggjartal i ny kommune - for å få reformtilskot, vert teken bort. Også ny kommune med under 10 000 innbyggjarar vil få reformtilskot med kr. 5 mill.

Elles er det ikkje lagt opp til andre endringar i høve til kommuneproposisjonen med omsyn til økonomiske verkemiddel.

Disponible inntekter

Rammene for drifta av dei kommunale tenestene vert lagt ut frå kor mykje midlar kommunen har tilgjengeleg, eller det vi gjerne refererer til som netto disponible sentrale inntekter (skjema 1A).

Rådmannen vil her kommentera utviklinga i vesentlege sentrale inntekter og utgifter. Fleire av desse postane har kommunen liten påverknad på – men det er viktig å estimera desse så godt det let seg gjera sidan det er desse som er med å setja dei

økonomiske rammene for drifta av kommunen. Når det gjeld kolonne for budsjett 2014, inneheld den generelt i heile dokumentet justert budsjett pr. 30. juni. Budsjett 2014 inneheld til dømes ikkje eventuelle budsjettjusteringar som følgje av politisk handsaming av økonomiske statusrapport 2. tertial.

DRIFTSBUDSJETT	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Skatt på inntekt og formue	-354 953	-385 489	-382 495	-382 495	-382 495	-382 495
Ordinært rammetilskot	-352 853	-364 111	-374 621	-376 702	-376 439	-376 439
Eigedomsskatt	-162 821	-163 059	-163 059	-159 059	-156 059	-163 059
Andre generelle statstilskot	-14 274	-15 870	-16 722	-17 006	-16 708	-16 300
Konsesjonskraft, avgift	-210	-150	-150	-150	-150	-150
Frie disponible inntekter	-885 111	-928 679	-937 047	-935 412	-931 851	-938 443
Renteinntekter og utbytte	-31 398	-36 749	-27 197	-29 450	-30 950	-33 600
Renteutgifter	23 202	27 824	25 934	32 286	37 466	41 737
Avdragsinntekter (VA)	-1 720	-4 202	-4 509	-7 102	-8 041	-9 019
Avdrag på lån	28 864	33 543	35 955	39 203	43 130	45 931
Netto finansutgifter	18 948	20 416	30 183	34 937	41 605	45 049
Premieavvik pensjon	-4 310	15 039	1 429			
Bruk av premiefond			-3 400			
Avsett til disposisjonsfond	42 974	44 844	59 007	46 000	42 931	51 119
Bruk overskot tidlegare år		-14 401				
Bruk av disposisjonsfond	-22 988	-840	-22 392			
Bruk av bundne fond	0					
Netto avsetningar	15 676	44 642	34 644	46 000	42 931	51 119
Momsrefusjon investeringsaktivitet	-26 996					
Overført til investeringsrekneskap 1)	27 044	3 202				
Til fordeling drift	-850 438	-860 419	-872 220	-854 475	-847 315	-842 275
Motpost avskrivningar	-29 187	-29 976	-31 253	-23 158	-23 158	-23 158
Sum til fordeling drift	-879 626	-890 395	-903 473	-877 633	-870 473	-865 433
Netto driftsutgifter tenesteområda	865 225	890 395	903 473	877 633	870 473	865 433
Meirforbruk/mindreforbruk	-14 401	0	0	0	0	0
Avsetning til disp.fond uten omtvasta eigedomsskatt og premieavvik			0,4 %	1,6 %	1,2 %	2,1 %
Total avsetning til disp.fond (% frie inntekter)			6,3 %	4,9 %	4,6 %	5,4 %

Det er lagt til grunn ein samla auke i frie disponible inntekter frå 2014 til 2015 på 8,3 mill. kr. Den låge auken skuldast i hovudsak at medfinansiering (17,6 mill. kr) er teken ut av ramma for 2015. I tillegg syner frie disponible inntekter for 2014 eit for høgt nivå. Det har vore ein reduksjon i skatteinngang i

2014 som ikkje er synleggjort i kolumna for 2014. Reduksjonen er vidareført i 2015. Kommunane er kompensert for utgifter knytt til demografi, lønns- og prisstigning og auke i pensjonskostander i tillegg til punkta som er lista opp under statsbudsjettet.

RAMMETILSKOT, SKATT	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Innbyggertilsk. (likt beløp pr innb)	317 853	339 081	342 036	343 116	342 853	342 853
Utgiftsutjevning		21 435	19 239	19 273	19 273	19 273
Overgangsordn./INGAR (fra 2009)		-918	-967			
Saker med særskilt fordeling RNB, 1 mrd. auka frie innt mv Ordinært skjønn		771	1 470	1 470	1 470	1 470
Skjønn - tap endr inntektssystem	7 600	7 600	7 600	7 600	7 600	7 600
Sum ramme utan inntektsutj.	325 453	367 969	369 378	371 459	371 196	371 196
Bykletrekket						
Netto inntektsutjamning	4 745	5 108	5 243	5 243	5 243	5 243
Realauke ramme						
Sum rammetilskot	330 198	373 077	374 621	376 702	376 439	376 439
Skatt på formue og inntekt	335 832	365 053	382 495	382 495	382 495	382 495
Sum skatt og ramme (avrunda)	666 030	738 100	757 100	759 200	758 900	758 900

Lindås kommune sine samla budsjetterte frie inntekter (skatt og rammetilskot) for 2015 samsvarar med dei utrekningar som ligg i Kommunal- og regionaldepartementet sin dokumentasjon til statsbudsjettet ("grønt hefte").

Generelle statstilskot

Kommunen mottok ein del generelle statstilskot:

Genrelle statstilskot	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Introduksjonstilskot	7 640	10 120	11 000	11 000	11 000	11 000
Kompensasjonstilskot	5 110	5 000	5 000	5 300	5 300	5 300
Andre statlege overføringar	1 525	750	722	706	408	
SUM	14 275	15 870	16 722	17 006	16 708	16 300

Renteinntekter og utbytte

Lindås kommune har plassert midlar og mottok utbytte frå selskap. For økonomiplanperioden er det lagt til grunn følgjande inntekter:

RENTEINTEKTER, UTBYTTE	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Interne overføringar	-3 682	-5 399	-6 647	-8 600	-10 100	-11 500
Renteinntekter bankinnskot	-7 890	-8 250	-8 250	-8 050	-7 550	-7 800
Renteinntekter på utlån	-4 215	-4 500	-4 500	-5 000	-5 500	-6 500
Renteinntekter obligasjoner, aksjer	0	0	0	0	0	0
Utbytte frå selskap	-15 611	-18 600	-7 800	-7 800	-7 800	-7 800
Sum renteinntekter, utbytte	-31 398	-36 749	-27 197	-29 450	-30 950	-33 600

Interne overføringar

Vatn og avløp skal vera sjølvfinansierande. Desse tenestene vert belasta ei kalkulatorisk renteutgift – og det vert tilsvarande budsjettert ei kalkulatorisk renteinntekt sentralt

året. Dette er ein halvering av utbetalt utbytte samanlikna med 2013 og 2014, og vil for Lindås kommune utgjere 7,8 mill. kr i åra 2015 – 2018. Lindås kommune eig 1,95 % av selskapet.

Utbytte frå selskap (BKK)

BKK gav melding til styret våren 2014 at utbyttet dei neste fire årene er forventa å bli 400 mill. kr i

Rente- og avdragsutgifter

Renteutgifter

RENTEUTGIFTER	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Investeringar og formidlingslån	24 196	25 351	25 934	32 286	37 466	41 737

Rådmannen har i økonomiplanperioden lagt til grunn eit estimat frå Kommunalbanken basert på renteberekingar frå Norges Bank, SSB og marknadsrente. Følgjande gjennomsnittlege rentenivå er lagt til grunn i økonomiplanperioden:

- Budsjettåret 2015 2,2 %
- Budsjettåret 2016 2,5 %
- Budsjettåret 2017 2,7 %
- Budsjettåret 2018 3,0 %

Avdragsutgifter

AVDRAGSUTGIFTER	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Investeringar 1)	28 864	33 543	35 955	39 203	43 130	45 931
Interne overføringar	-1 720	-4 202	-4 509	-7 102	-8 041	-9 019
Sum avdragsutgifter	27 144	29 341	31 446	32 101	35 089	36 912

1) Avdraga er deflatert med 3,0 % (2015 prisar)

Som følgje av lånefinansierte investeringar vil avdrag i økonomiplanperioden auka. Generelt er økonomiplanen utarbeidd i 2015-prisar. Avdraga er gjort om til faste 2015-kroner. Når det gjeld renteutgifter og renteinntekter, så er desse ikkje omgjort til 2015 prisar fordi det er lagt inn forventa rentenivå i dei ulike åra, som er høgare enn rente-

nivået i 2015. VA vert belasta sin del av lånegjelda gjennom avskrivningar (inntekt inngår som del av motpost avskrivningar i skjema 1A). Men det er forventa auka investeringar innan sektoren – auka refunderte kapitalkostnader/avdrag vert her teke inn gjennom å auka interne overføringar.

LÅNEGJELD	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Lånegjeld 1.1. utan formidlingslån	761 125	901 420	909 384	1 005 585	1 117 180	1 193 652
avdrag investeringar	-28 864	-33 543	-35 955	-40 379	-45 448	-49 505
Låneopptak*	169 159	41 507	132 156	151 974	121 920	102 200
Lånegjeld 31.12.	901 420	909 384	1 005 585	1 117 180	1 193 652	1 246 347
Lånegjeld 31.12 formidlingslån	198 037	236 366	252 422	267 115	280 444	292 409

*Etter korleksjon rådmannen sitt framlegg 2. tertialrapport

Som ein illustrasjon på korleis lånegjelda veks – er det utarbeidd ein tabell som syner gjeld pr innbyggjar:

LÅNEGJELD PR. INNBYGGJAR	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Innbyggjarar pr. 1.1.*	14 820	15 069	15 370	15 678	15 991	16 311
Netto lånegjeld pr. innbyggjar	60 825	60 348	65 424	71 259	74 644	76 411

*Tal pr. 1.1.2014, auke med 2 % pr år

Disposisjonsfond

Status for disposisjonsfondet er som følger pr. 2. tertialrapport 2014 (enno ikkje handsama politisk) :

DISPOSISJONSFOND	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
1.1.	61 927	45 114	40 434	52 563	61 627
Avsett disposisjonsfond	13 465	3 210	14 529	11 464	19 660
Tidlegare løvvingar ikkje nytta	-1 652				
Bruk av disposisjonsfond (KLP)	-15 900	-2 390	-2 400	-2 400	-2 400
Overført til disposisjonsfond premieavvik	-638				
Bruk av disposisjonsfond (2. tertial)	-12 088				
Overføring til næringsfond		-500			
Overføring til infrastrukturfond		-5 000			
31.12	45 114	40 434	52 563	61 627	78 887

Rådmannen vurderer det som naudsynt at kommunen byggjer opp eit betydeleg disposisjonsfond. Dette for på kortare sikt å sikra kommunen mot svingingar i rentenivå, pensjonsutgifter og

eventuelle endringar i reglementet for eigedomsskatt. I økonomiplanperioden bør dette liggja på 60-80 mill. kr. Overskot utover dette bør nyttast til å driftsfinansiera investeringar.

Avsetnad på disposisjonsfond omtvista eigedomsskatt utgjer per 2. tertial 2014:

DISPOSISJONSFOND - OMTVISTA EIGEDOMSSKATT	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
1.1.	64 703	96 082	127 759	159 436	191 113
Avsett omtvista eigedomsskatt	31 379	31 677	31 677	31 677	31 677
31.12	96 082	127 759	159 436	191 113	222 790

Rådmannen forventar at klagesaka om eigedomsskatt frå TCM vert avgjort i økonomiplanperioden. Når klagesaka er avgjort vil rådmannen kome attende til korleis disposisjonsfondet for omtvista eigedomsskatt vert handtert. Generelt meiner

rådmannen at alle avsette midlar som ikkje er omtvista bør gå til å finansiera investeringar eller utgifter som ikkje er knytt til ordinær kommunal drift, så lenge kommunen har avsett nok midlar på disposisjonsfond.

DISPOSISJONSFOND - PREMIEAVVIK	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
1.1.	0	22 392	24 120	23 150	24 500
Overført frå disposisjonsfond	638				
Avsetjing i sak om årsrekneskapen	14 401				
Bruk - amortisering av premieavviket	-15 039	-22 392	-24 120	-23 150	-24 500
Premieavvik inneverande år	22 392	24 120	23 150	24 500	23 500
31.12	22 392	24 120	23 150	24 500	23 500

På disposisjonsfond premieavvik er det i 2014 sett av midlar til å dekkje amortiseringa av premieavviket i 2015. I tillegg er det i 2015 sett av midlar til-

svarande premieavviket som vert inntektsført i 2015 slik at det er avsett midlar til å dekkje amortiseringa i 2016.

DISPOSISJONSFOND - INFRASTRUKTUR	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
1.1.	0	0	5 000	5 000	5 000
Overført frå disposisjonsfond	0	5 000			
31.12	0	5 000	5 000	5 000	5 000

Rådmannen foreslår å opprette eit infrastrukturfond for i 2015. Dette for å sikre at kommunen kan vere ein aktiv samarbeidspart i infrastrukturbyg-

ging. Det vil bli fremma ein sak om retningslinjer for bruk av infrastrukturfondet i kommunestyret før ein kan bruke av dei avsette fondsmidlane.

Økonomiplan for tenesteområda

Rådmannen har i 2015 organisert den kommunale drifta opp mot ein leiarstruktur med ein kommunalsjef for kvart av dei største områda, Oppvekst og Helse og omsorg. Rådmannen ser behov for å skilje mellom pleie og sosial, og har valt å dele

helse og omsorg inn i to tenesteområder som begge rapporterer til kommunalsjef. Vidare er avdelingane og einingane som høyrer til under plan, samfunn og utvikling organisert under assisterande rådmann.

Rådmannen gjer framlegg om følgjande netto driftsrammer for dei 6 tenesteområda (skjema 1B):

Tenesteområda sine netto driftsutgifter	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
1 Politisk styring	21 470	20 652	22 834	22 294	22 834	22 294
2 Administrativ styring, støttefunksj.	151 355	165 478	175 269	174 169	171 969	170 669
3 Oppvekst	258 097	263 257	265 403	255 503	252 503	250 803
4 Pleie og omsorg	262 385	258 240	250 090	239 590	237 090	235 590
5 Helse og sosial	61 162	69 589	72 092	72 092	72 092	72 092
6 Plan, samfunn og utvikling	110 690	113 179	117 785	113 985	113 985	113 985
Sum tenesteområda	865 159	890 395	903 473	877 633	870 473	865 433

Når det gjeld kolonne for budsjett 2014, inneheld den generelt i heile dokumentet justert budsjett pr. 30. juni og har ikkje med endringane etter 2. tertialrapportering.

Rådmannen beskrev innleiingsvis utfordringane med på kort sikt å utforme eit budsjett i balanse, og har satt inn ein rekke innsparingstiltak i 2015 for å klare eit «nullbudsjett». Rådmannen har lagt inn innsparingstiltak med effekt litt over «nullbud-

snett», men klarer ikkje å setje av meir enn 0,4% (3,5 mill. kr.) til disposisjonsfond (sett bort frå omtvista eigedomsskatt og premieavvik) i 2015. Mange av tiltaka er det ikkje mogleg å oppnå full heilårseffekt av i 2015, men i 2016 vil ein kunne ta ut full effekt av innsparingstiltaka. Dei ulike tiltaka i 2015 er satt opp i tabellen under, og beskriven under dei ulike tenesteområda.

Område	Tiltak	Sum i 2015	Helårseffekt
Rådmann	Fagsjef pleie og omsorg (50% effekt)	370	370
Kultur	Idrettskonsulent 50%	310	310
Skule	8,3 årsverk	2 200	5 300
Skule	Fem måneders effekt på nedlegging av Myking	1 708	4 100
Oppvekst	Ledelsesfunksjonar	750	1 500
Oppvekst	Grunnbemanning på tvers av tenesteområdet	325	650
Barnevern	Tiltak	500	1 000
Pleie og omsorg	Grunnbemanning sjukeheim	1 000	2 000
Pleie og omsorg	Grunnbemanning heimetenesta	1 000	2 000
Pleie og omsorg	Grunnbemanning einig for funksjonshemma	500	1 000
Pleie og omsorg	Vedtaksprosjektet	500	1 000
Helse og omsorg	Reduksjon nattevakter (prosjekt)	1 000	2 000
Pleie og omsorg	Sekretær i heimetenesta og sjukeheimstenesta (50%*2)	492	492
Funksjonshemma	Reduksjon assisterande einingsleiar	800	800
Best. Kontor	Budsjett utskrivingsklare parienter	600	600
Eigedom	Leige og drift av eigne transportmidlar	163	163
Renhold	Basert på innspill samt inndra vikarbudsjet	700	700
Areal og miljø	Sei opp veterinæravtale	258	258
Alle	Merkantilfunksjonar (prosjekt)	300	400
Sum		13 476	24 643

I økonomiplanperioden vil prosjekta som er beskrevet innleingsvis få følgjande effekt i dei ulike åra:

Tiltak/ prosjekt	Årseffekt i 2016	Årseffekt i 2017	Årseffekt i 2018
Ledelsesfunksjonar:			
Sentraladm - stab/støtte	1,0	1,3	1,5
Oppvekst	1,5	1,5	1,5
Helse og omsorg	1,8	2,3	2,3
Teknisk	1,0	1,0	1,0
Merkantilprosjekt	0,9	1,3	1,8
Kontorprosjektet	1,3	2,0	2,0
Skulestruktur	6,3	8,5	8,5
Bemanning skule	5,3	5,3	6,0
Grunnbemanning oppvekst	0,7	1,0	1,0
Barnehage		1,5	2,0
Grunnbemanning:			
Sjueheimar	4,0	4,0	4,0
Heimetjenester	3,5	3,5	3,5
Vedtaksprosjektet	2,0	2,0	2,0
Eining for funksjonshemma	1,5	3,0	4,5
Reduksjon nattevakter (prosjekt)	2,5	3,0	3,0
Barnevern - tiltak	1,5	2,0	3,0
Reinhald	1,0	1,0	1,0
Teknisk sektor	2,5	2,5	2,5
Sum	38,3	46,7	51,1
I tillegg mindre tiltak i 2015 m full årseffekt	2,5	2,5	2,5
Sum total reduksjon fra 2014 nivå	40,8	49,2	53,6
Alle tall i mill. nok.			

Årsummane er akkumulerte verdier.

Årsverk

I økonomisk statusrapport for 2. tertial ligg det eit totaloversyn over årsverk for 2014 innanfor dei ulike tenesteområda.

Tenesteområde	1. kvartal 2013	2. tertial 2013	1. kvartal 2014	2. tertial 2014	Endring (1. kvart - 2. tertial 2014)	% av totale årsverk
2 Administrativ styring, støtte-funksjonar	52	52	53	53	0,0	5 %
3 Oppvekst	415	422	421	421	0,3	39 %
4 Pleie og omsorg	375	376	376	372	-4,4	35 %
5 Helse og sosial	88	92	99	89	-10,1	8 %
6 Plan, samfunn og utvikling	136	136	137	137	0,0	13 %
Sum tenesteområda (2-9)	1 066	1 077	1 086	1 072	-14,2	100 %

Talet på årsverk er redusert med 14,2 årsverk sidan 1. kvartal 2014. Av dette utgjer 4,43 årsverk reduksjon i skule (1,5 årsverk lærar jamfør budsjett 2014, og 2,93 er årsverk knytt til SFO). Vidare er det ein reduksjon i 5,37 årsverk på kommunale barnehagar grunna ein mindre avdeling hausten 2014. Heime-

tenesta har redusert med 4,4 årsverk grunna færre ressurskrevjande brukarar. Det er verdt å merke at helsestasjonen som tidligare lå under kommunehelse, no er flytta til oppvekst. Det ser derfor ut som om helse og sosial er redusert med 10,1 årsverk, men desse årsverka er flytta til Oppvekst.

Politisk styring

Rådmannen gjev framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

1 POLITISK STYRING	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Politisk styring	21 470	20 652	22 834	22 294	22 834	22 294
Endring i % frå budsjett 2014			10,6 %			

Endringa i nettoramme frå 2014 til 2015 er spesielt knytt til følgjande:

- Val i 2015
- Ikkje oppnådd innsparing 2014
- Tilskot kyrkjeleg fellesråd (11,4 mill. kr i tilskot og dekking av renter/ avdrag kyrkja 3,15 mill. kr)
- Nettbrett til nytt kommunestyre

Administrativ styring, andre støttefunksjonar

Budsjett og økonomiplanperiode

Rådmannen gjev framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

2 ADMINISTRATIV STYRING, STØTTEFUNKSJONAR	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Rådmannen	119 579	130 955	139 767	138 767	136 967	136 167
Stabstenester	30 171	32 219	33 342	33 242	32 842	32 342
Nhl. Kemnerkontor	1 605	2 304	2 160	2 160	2 160	2 160
Sum tenesteområdet	151 355	165 478	175 269	174 169	171 969	170 669
Endring i % frå budsjett 2014			5,9 %			

Forslaget til budsjett 2015 er 8,8 mill. kr høgare enn i 2014. Dette skuldast i hovudsak auke i tilskot til private barnehagar i 2015 med 2 mill. kr. Ein auke i budsjett for IKT grunna behov for utskifting av maskinar, prisauke på lisensar og behov for nye system på til saman 0,7 mill. kr. I tillegg er det sett av 3 mill. kr sentralt i pensjonsutgifter som ikkje er fordelt på tenesteområda. Det har vore ein auke i lønn på 1,5 mill. kr under rådmannen grunna tilsetjing av to kommunalsjefar og avdelingsleiar lønn/rekneskap. Auken på 1,5 mill. kr skuldast også

heilårseffekt av lønnsoppgjeret 2014 (inkl. pensjon og arbeidsgjevaravgift).

I budsjett for 2015 er stillinga som fagsjef pleie og omsorg tatt ut i tillegg til ein budsjettert innsparring på merkantile tenester (merkantilprosjektet) på tvers av tenesteområda på 0,3 mill. kr. I økonomiplanperioden er det lagt inn at det skal gjerast innsparringar på stillingar innan leiging tilsvarende 1,5 mill. kr i tillegg til ein auke i effekt på merkantilprosjektet til 1,8 mill. kr.

Rådmannen

Rådmannen omfattar toppleiargruppa, rådgjevargruppe, miljøretta helsearbeid og teknisk-hygienisk teneste. Rådgjevarane handterer økonomiske tilskot og refusjonar til private barneha-

gar, andre kommunar og verksemdar. Ein del budsjettpostar er også plassert sentralt, til dømes avsetninga til lønnsoppgjeret.

Budsjett 2015

2 ADMINISTRATIV STYRING, STØTTEFUNKSJONAR	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015
Rådmannen	35 742	32 157	38 972
-barnehage	83 837	84 312	86 295
-avsetning lønnsoppgjere		14 486	14 500
	119 579	130 955	139 767

Tilskot til private barnehagar:

Reglane for berekning av tilskot til private barnagar er endra frå 01.01.2015. Hovudprinsippet er at tilskotet no vert berekna ut i frå faktiske rekneskapstal to år før tilskotsåret og oppjustert med prisindikatorar for å samsvare med dagens prisnivå. Det er i budsjettarbeidet teken omsyn til føringane i rundskrivet frå Udir av 05.09.2014, slik at dei nye reglane er ivaretatt i berekninga. Det er i 2015 lagt opp til at opptrappinga av minimumstilskotet til ikkje-kommunale barnehagar held fram

og heilårsverknad i 2015 er 98%. Sjå satsar for 2015 under tenesteområde oppvekst.

Avsetning til lønsauke

Det er i budsjettet for 2015 avsett 14,5 mill. kr til lønsauke inkludert sosial kostnader for heile kommunen. Det er lagt til grunn ein lønsauke som i statsbudsjettet (3,3 %) frå 2014 til 2015.

Oppvekst

Område Oppvekst vart etablert frå 1.9.14, og femner om PPT, Læringscenter, vaksenopplæring, norskopplæring, barnevern, helsestasjon, kultur, barnehage og skule. Med dette er tenesteområda som gir tenester til born og unge samla organisatorisk. Gjennom effektiv utnytting av ressursar og kompetanse, tidleg innsats og tett samarbeid, har rådmannen som målsetjing å sikre best mogleg deltaking, vekst og læring for born og unge i kommunen.

Oppvekst gir ikkje berre tenester til born og unge. Av fagområde som rettar seg inn mot andre målgrupper, kan ein nemne bibliotek, Frivilligsentral, vaksenopplæring samt norskopplæring for vaksne. Rådmannen har tru på at tverrfagleg samarbeid vil kunne medverke til auka deltaking, vekst og læring også for desse målgruppene.

Eit godt oppvekstmiljø gir den einssilde kjensle av fellesskap, meistring og glede. Utan omsyn til kjønn, alder, bustad, etnisk opphav eller funksjonsevne, er dette viktige faktorar i høve til opplevd livskvalitet.

Gjennom prosjektet *Organisering av område Oppvekst* skal organisasjonen bruke tid på å kartlegge og analysere eigen praksis, for slik å skaffe seg eit samla oversyn over faglege prioriteringar, tiltak og rutinar som er etablert. Med hovudfokus på leiarstruktur og støttefunksjonar skal kartleggings- og analyseprosessen danne utgangspunkt for vidare prioriteringar i høve til tverrfagleg samarbeid, førebyggjande arbeid, faglege prioriteringar samt organisering av tenestene. Prosjektet skal vere avslutta haust 2015, og vil kunne danne utgangspunkt for komande prosjekt hausten 2015, knytt til utarbeiding av ein *Kvalitetsplan for Oppvekst*.

Budsjett og økonomiplanperiode

Rådmannen gjev framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

3 OPPVEKST	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Kultur og aktiviteter	13 796	14 639	15 489	15 489	15 489	15 489
Læringscenteret	7 590	7 464	8 682	8 182	7 882	7 882
PPT	5 207	5 565	5 912	5 912	5 912	5 912
Kommunale barnehagar	21 629	24 129	21 981	21 981	21 981	21 981
Helsestasjonar	6 447	7 279	6 840	6 840	6 840	6 840
Barnevern	28 793	28 530	33 484	32 484	31 984	30 984
Knarvik ungdomsskulekrins	86 815	87 083	82 871	81 871	81 871	81 171
Lindås ungdomsskulekrins	42 605	42 154	43 378	37 778	35 578	35 578
Ostereidet ungdomsskulekrins	45 215	46 414	46 766	45 766	45 766	45 766
Sum tenesteområdet	258 097	263 257	265 403	255 503	252 503	250 803
Endring i % frå budsjett 2014			0,8 %			

Hovudendringane i budsjettframlegget for 2015, sett bort frå lønnsauke, er innsparingar på 8,3 årsverk innan skule (1/2 års effekt) og nedlegging av Skodvin skule hausten 2015. I tillegg er det lagt inn fem månaders effekt av nedlegging av Myking skule (heilårseffekt er 4,1 mill. kr) i 2015. Vidare har det grunna lågare etterspørsel vore ein reduksjon i tal avdelingar i kommunale barnehagar. Det er ein auke på 4,9 mill. kr innan barnevern grunna dyrare og fleire plasseringar i statlege institusjonar og fosterheimar.

I budsjett 2015 er stillinga som idrettskonsulent teken ut frå hausten 2015. Denne stillinga vart vedteken i ein prosjektperiode og arbeidet med idrettsplanen er no avslutta. Barnevern har hatt ein kraftig auke i utgifter knytt til plasseringar av

born dei siste åra. I 2015 er det lagt inn at barnevern skal redusere driftsnivået med 0,5 mill. kr (heilårseffekt 1 mill. kr). Dette er planlagt løyst ved å halde ein stilling vakant.

I tillegg til innsparingar innan leing under oppvekstområdet i 2015 og i økonomiplanperioden er det planlagt eit prosjekt innan barnevern som skal redusere driftsutgiftene med 3 mill. kr i økonomiplanperioden. Skulestruktur vil verte eit sentralt punkt for å klare å redusere driftsutgiftene, og er i økonomiplanperioden lagt inn med effekt på 8,5 mill. kr. Det er lagt opp til at elevane ved Myking skule overførast til Lindås barneskule hausten 2015, og at elevane ved Eikanger og Kløvheim overførast Ostereidet barneskule i 2016.

Kommunale barnehagar

Lindås kommune har følgjande tre kommunale barnehagar:

Kommunale barnehagar	Antal heitids plassar 15.9.2014			Årsverk 2)		
	0-2 år	3-5 år	Sum 1)	Samla	Pedagogisk personale	Plassar/årsverk
Haugen	11	30	52	9,0	3,0	5,8
Kolås	17	32	66	11,0	4,0	6,0
Juvikstølen	45	87	178	28,6	10,0	6,2
Sum	74	149	296	48,6	17,0	6,1

1) Heile plassar. Småborn 0-2 år vekta med 2 (tel for 2 plassar)

2) Utan einingsleiar, eksklusiv spesialpedagogiske tiltak og lærling

Private barnehagar

I Lindås kommune er det 14 private barnehagar. Dette er følgjande barnehagar:

Private barnehagar	Antal heitids plassar 15.12.2013			Årsverk 2)		
	0-2 år	3-5 år	Sum 1)	Samla	Pedagogisk personale	Plassar/årsverk
Alversund montessorri	18	37	74	12,5	4,0	5,9
Hundvin naturbarnehage	13	14	41	6,3	2,8	6,4
Kløvheim barnehage	9	18	36	6,7	2,0	5,4
Knarvik barnehage	39	78	155	28,9	13,6	5,4
Leknes barnehage	27	49	103	17,9	8,8	5,8
Natås barnehage	11	24	46	8,6	2,8	5,3
Nordhordland barnehage	8	11	27	4,4	1,5	6,2
Ostereidet barnehage	16	43	74	12,0	4,0	6,2
Seim barnehage	26	57	108	18,3	5,4	5,9
Solhaugen barnehage	21	60	102	16,4	6,8	6,2
Trollskogen barnehage	29	66	125	21,9	7,2	5,7
Smilehullet familiebarnehage	2	8	12	2,3	0,3	5,2
Småtroll familiebarnehage	1	6	8	2,4	0,6	3,3
Wilhaven familiebarnehage	4	6	14	2,7	0,3	5,3
Sum	224	477	924	161,3	60,2	5,7

1) Heile plassar. Småborn 0-2 år vekta med 2 (tel for 2 plassar)

2) Tala inkluderer styrar sin administrasjonsressurs, eksklusiv spes ped tiltak

Tala i tabellen byggjer på teljing pr 15.12.2013. Det er også born som bur i Lindås kommune som nyt-

tar plass i andre kommunar, til dømes i Austrheim, Meland og Bergen.

Den kommunalt utrekna satsen pr plass vert etter dette som følgjer:

Satsar	Vedtatt sats 2014	Budsjett 2015	Endring i %
Små born	170 819	175 973	3 %
Store born	81 919	83 853	2 %

Ut frå talet på born i private barnehagar og tal vedtekne mellombelse plassar, er det forventa følgjande utbetalingar av tilskot:

Private barnehagar	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Endring i %
Tilskot	80 847 000	81 685 000	1 %

Lærings- og utgreiingssenter

Lindås læringscenter gjev ei rekkje tenester til førskuleborn, grunnskuleelevar og vaksne:

- Spesialpedagogisk hjelp til førskuleborn.
- Lågterskeltilbod til barnehagane.
- Spesialundervisning for grunnskuleelevar.
- Eksamensretta grunnskule for vaksne.
- Norskopplæring for vaksne innvandrarar og flyktningar.
- Særskild tilrettelagd vaksenopplæring/ spesialundervisning for vaksne som har særleg behov for opplæring for å kunne utvikle og halde ved like grunnleggjande dugleik.

Lindås kommune tek i mot elevar frå andre kommunar etter avtale, og med refusjon.

Nye aktivitetar/tiltak i 2014/ 2015:

Frå hausten 2014 er all spesialundervisning for vaksne grunna på sakkunnig vurdering og einskildvedtak.

Musikktilbodet til denne gruppa, som har vore ein tradisjon på Læringscenteret i mange år, vert no organisert av Kulturskulen i samarbeid med Læringscenteret og eining for funksjonshemma (dagavdelingen).

PPT

Pedagogisk psykologiske teneste (PPT) har som oppgåve å utarbeide sakkunnig vurdering etter oppmelding for førskulebarn, grunnskuleelevar og vaksne. PPT skal og arbeide med systemtiltak.

Pedagogisk psykologiske teneste (PPT)	2013 (pr. okt)	2014 (pr. okt)
Aktive saker	510	654
Nytilmelde saker	Barnehage 30 Skule 67 Vaksne 5	Barnehage 23 Skule 83 Vaksne 5
Saker på vent	Pr. okt. 2013: Barnehage 5 Skule 22 Vaksne 10	Pr. okt. 2014: Barnehage 0 Skule 21 Vaksne 1
Tilsette fagpersonar på kontoret	7,5	7,5

Kultur og aktivitetar

Kultur i Lindås kommune består av kulturskulen, bibliotek/ bokbuss, fritidsklubbar/ tilbod til ungdom, frivillighetssentral, kulturvern og samlingar og kunstformidling og musikk. Frå 2015 er ansvar for idrett og idrettshallar flytta til tenesteområde plan, samfunn og utvikling og ligg under eining for eigedom.

Nytt for 2015 er prosjektet «Praksisfelleskap» - et samarbeidsprosjekt mellom Lindås og Meland

Undertittel: To bibliotek - ein struktur

1. Utvikle eit alternativ til hovudbibliotek / filialstruktur ved samanslåing av kommunar.
2. Betre kvaliteten på bibliotekstilbodet i Lindås og Meland gjennom å lage to spesialiserte bibliotek som til saman utgjer eit heile og å utvide opningstida ved å opprette meirpropne bibliotek.
3. Utvikle biblioteka til å bli uavhengige og attraktive møteplasser for offentleg samtale og debatt.

Prosjektet får kr 1.650.000 til saman i tilskudd fra Nasjonalbiblioteket og Hordaland fylkeskommune. Det må søkjast kvart år. Nasjonalbiblioteket og Hordaland fylkeskommune ser på dette som et pionerprosjekt.

Lindås kommune sin andel i prosjektet er i 2015 ombygging på biblioteket i Knarvik. Ombygginga er tatt omsyn til i investeringsbudsjettet under ymse friområde/ kulturtiltak. I 2016 er Lindås kommune sin del 100 000 kr.

Helsestasjon for born og unge

Skule- og helsestasjonstenesta yter helsetenester til born i alderen 0-18 år – til dømes sped- og småbarnkontroll, vaksinasjon, faste kontrollprogram til grunnskule elevar.

Elevar i vidaregåande skule har rett på helsetenester frå kommunen. Helsesøster er tilgjengeleg for elevane på Knarvik vidaregåande skule kvar dag i veka. Skulen har ca 1000 elevar.

Helsestasjon for ungdom er eit frivillig tilbod til ungdom, også til elevar i vidaregåande skular. Tilbodet er eit samarbeid mellom Radøy og Lindås.

Barnevern

Føremålet med tenesta er definert i barnevernlova §1-1. Barneverntenesta si oppgåve er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Dette ved å gje råd og rettleiing, treffe vedtak, førebu saker til fylkesnemnd/rett og iverksetje og følge opp tiltak. Dette inneber tilsyn med organisering, styring og kvalitet i undersøkingar og val av tiltak.

Barneverntenesta er hendelsesstyrt og har opplevd ei stor auke i arbeidsoppgåver, klientomfang og krav til kompetanse dei siste åra.

Barnevernstenesta er delt opp i hjelpetiltak, omsorgstiltak, familierettleiing, ettervern og bukollektiv for einslege mindreårige flyktningar.

Den kommunale grunnskulen i Lindås kommune

Alle born i aldersgruppa 6-15 år har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Det er utarbeidd eit omfattande rammeverk for grunnskuleundervisninga. Opplæringa skal vera i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og læreplan (Kunnskapsløftet).

Satsingsområda for dei kommunale grunnskulane i Lindås er skildra i Strategiplanen for skule 2014-2018, og femner om område:

1. Vurdering og klasseleiing
2. Styrking av ordinær opplæring og spesialundervisning
3. Arbeid med grunnleggjande ferdigheiter
4. Ungdomstrinnet meir praktisk retta

I tillegg til desse områda, kan skulane velje eit eige, blant anna for å utvikle sin eigen skuleprofil og for å ivareta lokalt initiativ, nyskaping og glød. Det er samarbeidsutvalet ved den einskilde skule som vedtek skulen sitt eige satsingsområde. Alle skulane er forplikta til å arbeide etter læreplanen for Kunnskapsløftet og å fokusere spesielt på satsingsområda i Strategiplanen for skule 2014-2018.

Skulane skal utarbeide lokale verksemdsplanar kvart år som synleggjer kva skulen har prioritert. Planen skal syne tiltak, tidsramme/periode for utprøving og evalueringsprosess.

Satsingsområdet vurdering og klasseleiing handlar om vurderingspraksisen på skulen, der i blant tilbagemeldingar til elevane og foreldre og tilbagemeldingar til tilsette og leiarar. Men det handlar også om leiing av læringsarbeidet og utvikling av godt læringsmiljø i kvar klasse og på heile skulen. Eit godt læringsmiljø fremjar trivsel og motivasjon og er ein føresetnad for eit godt læringsutbytte.

Elevene si læring er uløysleg knytt opp mot læraren si rettleiing av og tilrettelegging for kvar einskild og for gruppa. For å kunne rettleie og tilpasse, må vurderingspraksisen i klasserommet vere i samsvar med dei prinsippa ein veit verkar positivt på læring.

Behov for spesialundervisning er ikkje berre avhengig av elevane sine eigenskapar, men også av kor godt vi klarer å tilpasse den ordinære opplæringa til elevane sine behov. I Noreg er talet på elevane som får spesialundervisning aukande, og

talet aukar mest ved auka alder. Forsking har vist at kvaliteten på spesialundervisninga som vert gitt i Noreg er varierende og at læringsutbyttet av spesialundervisning er mindre enn innsatsen skulle tilseie.

Ved å satse på styrking av ordinær opplæring, ynskjer vi å gjere den ordinære opplæringa meir romsleg og inkluderande slik at fleire elevane kan oppleve meistring og trivsel innafor ramma av den klassen dei høyrer til. Hovudkonklusjonen i NOU 2009: Rett til læring var: «... at forbedringer av de almenne ordningene er det viktigste grepet overfor barn, unge og voksne med særskilte behov».

I Lindås kommune ynskjer vi å sikre og betre læringsresultata til elevane når det gjeld grunnleggjande ferdigheiter. Kommunen sette hausten 2013 igang implementering av LeseLos som verktøy for systematisk oppfølging av den einskilde elev si leseutvikling. Skuleeigar skal leggje til rette for at arbeidet heldt fram.

I planperioden vert det også høve til å prioritere andre grunnleggjande ferdigheiter. Den einskilde skule veit gjennom sine analyser kva som er deira sterke og svake sider når det gjeld utvikling av grunnleggjande ferdigheiter, og må arbeide for at lærarane i alle fag tek sin del av ansvaret for god opplæring i lesing, skriving, rekning, bruk av digitale hjelpemiddel og i munnleg bruk av språket vårt.

Ungdomstrinn i utvikling- ein meir praktisk, variert og meir relevant undervisning som er eit statleg satsingsområde som skal gå over tre år. Satsinga har tre sentrale verkemiddel: skulebasert kompetanseutvikling, lærande nettverk og pedagogiske ressursar. Alle skular med ungdomstrinn får tilbod om å delta. Skulane har også innført arbeidslivsfag og valfag på alle trinn. Dette vil sjølvstendig krevje meir deling av timane til elevane og meir fagleg kompetansebygging for lærarane. Det må då setjast inn ein del vikartimar til skulane når lærarane er på kurs.

Satsingsområda til to av ungdomskulane i Lindås kommune er Klasseleiing: Det vil seie at læraren skal leie elevane si læring og utvikling på skulen. Positiv relasjon mellom lærar og elev er hjørnesteinen i ei god klasseleiing.

Den siste ungdomskulen har valt rekning som sitt satsingsområde. Rekning skal skje på faga sine premissar og læraren skal kjenne til korleis rekning som grunnleggjande ferdigheit kan hjelpe elevane til å nå kompetansemåla i dei ulike fag.

Skulefritidstilbod

Skulefritidsordninga skal gje elevane på 1. – 4. trinn eit trygt tilsyn før og etter den obligatoriske skuledagen. Born med særlege behov kan delta i ordninga til og med 7. trinn.

Bruk av andre opplæringsarenaer

All undervisning skal vere tilpassa evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og

lærekandidaten (Opplæringslova § 1-2 Formålet med opplæringa). Tilpassa opplæring kan også gjevast utanfor skulen sitt område i deler av undervisningstida. Opplæring på andre arenaer enn skulen vert ofte omtala som "smågruppetiltak". Lærartettleiken er større enn det ein finn til vanleg i skulen. Innhaldet er ofte praktisk arbeid kombinert med skulefag.

I kommunen er det p.t. eit eksternt organisert smågruppetilbod – Seim gard.

Oversyn over dei kommunale skulane i Lindås kommune:

Barneskulane:

Barneskular	Elevar	Årsverk 1)	Elevar/ årsverk
Alversund	383	30,3	12,6
Knarvik	215	22,5	9,6
Lindås	167	17,4	9,6
Ostereidet	103	11,3	9,1
Leiknes	158	13,3	11,9
Eikanger	74	6,7	11,0
Kløvheim	40	4,9	8,2
Myking	52	7	7,4
Skodvin	60	7,6	7,9
Seim	144	12,2	11,8
Sum	1 396	133,2	10,5

1) Lærerårsverk, utan assistentar, rektorressurs og merkantilt tilsette

Det er i snitt 10,5 elevar pr. årsverk lærar i dei kommunale barneskulane dette skuleåret. Tilsvarande tal for 2013/14 og 2012/13 var 10,4 og 10,1

Ungdomsskulane:

Ungdomsskular	Elevar	Årsverk 1)	Elevar/ årsverk
Knarvik	344	33,6	10,2
Lindås	127	15,6	8,1
Ostereidet	103	14,1	7,3
Sum	574	63,3	9,1

1) Lærerårsverk, utan assistentar, rektorressurs og merkantilt tilsette

Det er i snitt 9,1 elevar pr. årsverk lærar i dei kommunale ungdomsskulane dette skuleåret. Tilsvarande tal for 2013/14 og 2012/13 var 9,1 og 9,0.

Pleie og omsorg

Tenesteområdet omfattar bestillarkontor, sentralkjøkken, sjukeheimstenester, heimetenester, bufellesskap, dagtilbod, avlastning og støttekontaktar. Ny kommunedelplan for helse og omsorg

er under utarbeiding, og er venta ferdigstilt våren 2015. Helse og omsorgsplanen vil syne strategisk retning for helse og omsorgsområdet.

Budsjett og økonomiplanperiode

Rådmannen gjev framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

4 PLEIE OG OMSORG	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Bestillarkontor	38 027	32 691	15 675	15 675	15 675	15 675
Felles PLO		-6 073	1 388	1 388	1 388	1 388
Sentralkjøkken	8 522	8 798	8 946	8 946	8 946	8 946
Sjukeheimstenester	73 754	77 653	76 397	73 397	73 397	73 397
Heimetenester	77 451	78 913	81 564	79 064	79 064	79 064
Tenester for funksjonshemma	64 629	66 258	65 620	64 620	63 120	61 620
Sum tenesteområdet	262 385	258 240	249 590	239 090	236 590	235 090
Endring i % frå budsjett 2014			-3,3 %			

Tenesteområde pleie og omsorg er 8,6 mill lågere i 2015 enn i 2014. Dette skuldast i hovudsak at medfinansiering er tatt ut av budsjettet for 2015. Dette utgjorde ein budsjettpost på 14,4 mill. kr under bestillarkontoret. Eining for sjukeheimstenester er redusert med om lag 1,3 mill. kr frå 2014 til 2015. Dette skuldast i hovudsak at talet sjukeheimsplassar er redusert med fire frå hausten 2015 for å delfinansiere Ostertun (jamfør tidligare vedtekne økonomiplanar). I tillegg er det lagt inn innsparingar i 2015 både på grunnbemanning på sjukeheim og heimetenester med 1 mill. kr i årseffekt på kvar eining. Vidare er det lagt inn reduksjon under eining for funksjonshemma på grunnbemanning med årseffekt 0,5 mill. kr i 2015 og effekt av vedtaksprosjektet i 2015 med 0,5 mill. kr. Det skal i 2015 iverksetjast eit prosjekt for å sjå nattevaktene i Lindås meir under eitt, og det det forventa at

dette prosjektet vil gje ein innsparing på 2 mill. kr (effekt på 1 mill. kr i 2015). Budsjettposten på finansiering av dagmulkt for utskrivingsklare pasientar er teken ut av budsjettet for 2015, og rådmannen legg til grunn at dette skal finansierast innanfor pleie og omsorg sine rammer.

I økonomiplanperioden er det lagt inn at det skal gjennomførast prosjekt for å redusere grunnbemanninga innan sjukeheim, heimetenester og eining for funksjonshemma på til saman 12 mill. kr. I tillegg skal prosjektet for nattevaktar få ein effekt på totalt 3 mill. kr i perioden. Prosjekt for leiingsressursar skal gje ein innsparing på 2,3 mill. kr i perioden i tillegg til effekt på vedtaksprosjektet på 2 mill. kr.

Helsehuset

Rådmannen anslår at Lindås sin del av kostnadene til husleige vil auke noko sett opp mot dagens driftsnivå. Det er lagt til grunn at desse auka kostnadane til ein viss grad vil kunne dekkjast inn ved at samlokalisering av tenester vil gje ein stordriftsfordel, med tanke på felles møtelokalar, felles kontortenester, reinhald etc. Vidare er det i føresetnadene til Helsehuset lagt inn at kostnader til vedlikehald skal vere inkludert i husleiga. Rådmannen må kome attende med endelege budsjettsummar for helsehuset når saka om helsehus kjem opp i kommunane og synleggjer kva leigeutgifter det faktisk blir.

Bestillarkontor

Bestillarkontoret fattar vedtak om kommunale tenester, til dømes praktisk hjelp og bistand i heimen. Dei fleste tenestene vert utførte – og budsjetttert – i andre einingar, til dømes heimetenesta.

I tillegg til løn til dei tilsette ved kontoret, omfattar utgiftene også utgifter til kjøp av tenester som ikkje vert utført av kommunen sine tenesteproduserande einingar. Dette kan vera kjøp av omsorgstilbod, omsorgsløn og brukarstyrt personleg assistent.

Sentralkjøkken

Eininga leverer mat til kommunale sjukeheimar, heimebuande sjuke og uføre, seniorsentra kantine, dagsenter, sengepost ved Nordhordland legevakt og mat til møter og kurs.

Sjukeheimar

Forankra m.a i sentrale dokument som Omsorgsplan 2015, og pasient -og brukarrettighetsloven.

Eininga omfattar følgjande tenester: Korttids plassar, avlastning, langtids plassar, dagtilbod og aktivitetstilbod.

Det er 121 heildøgns plassar og 8 dagplassar fordelt på Knarvik sjukeheim, Såta bu- og servicesenter og Lindås bu- og servicesenter.

Eininga skal gje ei god kvalitetssikra teneste gjennom involvering tilpassa den einskilde brukar sine behov.

Eininga jobbar med å ta i bruk omsorgsteknologi på sjukeheimane.

Heimetenesta

Eining for heimetenesta gjev tilbod til heimebuande personar gjennom heile døgeret.

Heimetenesta består av fem avdelingar som har ansvar for kvar sine geografiske område. I tillegg driv heimetenesta eit dagsenter for demente.

Hjelpetilbodet er individuelt tilpassa, og kan variere frå ein time i veka til 24 timar i døgeret.

Heimetenesta omfattar alt frå enkle tiltak som matombringning, heimehjelp til reingjering, tryggleiksalarm og heimesjukepleie med hjelp til medisiner, til avanserte 24- timarstilbod i brukarane sine heimar.

Eininga administrerer eit prosjekt i omsorgsteknologi «Lindås prosjektet» Eininga har og starta opp eit lite pilotprosjekt i kvardagsrehabilitering for enkelte brukarar som får omsorgsteknologi

Tenester for funksjonshemma

Eining for funksjonshemma gir tenester til personar med nedsett funksjonsevne. Eininga består av 6 avdelingar, med 6 bufellesskap (45 bustader), 1 avlastingsbustad og 1 dagsenter. I tillegg organiserer eininga støttekontaktenester til alle aktuelle brukargrupper, aktivitetsbasert avlastning og privat avlastning. Totalt om lag 114 årsverk.

Tenestene som vert gitt er basert på vedtak etter Lov om kommunale helse- og omsorgstenester, fatta av Bestillarkontoret. Ut frå dette vert tenestene individuelt utforma, med vekt på brukarane skal få ivaretatt sine behov for hjelp, rettleiing, omsorg og helsehjelp. Målet til eininga er at brukarane skal oppleve god livskvalitet, at dei i størst mogeleg grad skal få bestemma over eige liv og medverke i utforming av tenester. For avlastings-tilboda våre er det, i tillegg til at brukaren skal ha gode opplevingar og kjenne seg trygg, eit mål at foreldre/føresette skal kjenne seg trygg og oppleve reell avlastning frå tyngjande omsorgsoppgåver.

Behov som det ikkje er funne rom for i økonomiplanen:

Behov for dagtilbod til unge personar med utviklingshemma er aukande, medan kapasiteten på dagavdeling er sprengt i fht areal. Det vil vere mogeleg å utvide kapasiteten utan ekstra lønsutgifter dersom det vert investert i bil og utstyr til å drive med utearbeid (skogsarbeid, «vaktmester»-oppdrag, hagearbeid m.m.). Eksisterande bil er svært dyr i drift pga omfattande behov for reparasjonar. Kostnad: ca 600 000.- for bil med rullestolheis.

Helse og sosial

Tenesteområdet består av eining for helsetenester, legevakt og eining for sosiale tenester. Tenesteområdet ligg direkte i linja til kommunalsjef for

helse og omsorg. Helse og sosial omfattar einingane helsetenester, Nordhordland legevakt og sosiale tenester.

Budsjett og økonomiplanperiode

Rådmannen gjev framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

5 HELSE OG SOSIAL	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Helsetenester	32 074	36 192	37 788	37 788	37 788	37 788
Nordhordland legevakt	5 340	6 247	6 823	6 823	6 823	6 823
Sosiale tenester	23 748	27 150	27 481	27 481	27 481	27 481
Sum tenesteområdet	61 162	69 589	72 092	72 092	72 092	72 092
Endring i % frå budsjett 2014			4,4 %			

Tenesteområde helse og sosial er 2,5 mill. kr høgere i 2015 enn i 2014. I tillegg til lønns og prisauke skuldast dette i hovudsak at dei øyremerka midlane til førebyggjande rusarbeid er lagt inn i ramma.

Det inneber at inntekta vert flytta frå tenesteområdet til den generelle rammeoverføringa. Sett bort frå inntekts endringa, er einingane vidareført med same driftsnivå som i 2014.

Eining for Helsetenester:

Eininga omfattar helsestasjons- og skulehelseteneste, jordmorteneste, kommunepsykologteneste, fysioterapiteneste, legeteneste og psykisk helse og rus. Det kan vera hensiktsmessig å skilja mellom førebyggjande og behandlande tenester.

bustad til både eldre og yngre funksjonshemma som bur heime. Det er ikkje oppretta ergoterapeutstilling i tenesta.

Førebyggjande tenester

Skule- og helsestasjonstenesta ligg under tenesteområde Oppvekst, men er ein del av eininga for helsetenester. Skule- og helsestasjonstenesta yter helsetenester til born i alderen 0-18 år – til dømes sped- og småbarnkontroll, vaksinasjon, faste kontrollprogram til grunnskule elevar.

Psykisk helse og rus

Avdelinga gjev tenester til menneske som har psykiske vanskar og/eller rusproblem. Bestillarkontoret tildeler tenester etter gjeldande lovverk. Brukarane får etter søknad tildelt vedtak på teneste med klagerett og informasjon om kva teneste som skal utførast. Nokre av tenestene er lågterskel tilbod utan vedtak, til dømes dagsenter-tilbod.

Elevar i vidaregåande skule har rett på helsetenester frå kommunen. Helsesøster er tilgjengeleg for elevane på Knarvik vidaregåande skule kvar dag i veka. Skulen har ca 1000 elevar.

Utøvande tenester som avdelinga gjev:

Helsestasjon for ungdom er eit frivillig tilbod til ungdom, også til elevar i vidaregåande skular. Tilbodet er eit samarbeid mellom Radøy og Lindås.

- Støttesamtalar – kontor/heimebesøk
- Bustadoppfølging og butrening
- Medisinoppfølging
- Dagsenteret Ankeret i Knarvik, ein møteplass for dei som ikkje er i stand til å vera i eit arbeidsopptreningsopplegg, men som ønskjer å vera i eit sosialt fellesskap
- Ner Kolås, eit arbeids- og aktivitetssenter med fokus på arbeidstrening og aktivitet i eit trygt sosialt fellesskap
- Gruppeaktivitet for ungdom
- Lågterskel psykologtilbod til vaksne
- Rådgeving internt til personalet og eksternt til samarbeidande tenesteytarar
- Omsorgsbustader med heildøgns omsorg:
 - Knarvik-Røsvikdalen (6 bustader)

Behandlande og rehabiliterande tenester

Fysioterapi- og ergoterapiteneste er behandling og opptreningstenester samt tilrettelegging av bustader til alle aldersgrupper. Tenesta vert dels ytt med eigne tilsette, dels av private med eller utan driftsavtale. Dei kommunalt tilsette yter spesielt mykje behandling og tilrettelegging av

- Lindås-Krossleitet (6 bustader)
- Ungdomskontakten Salto er eit rus- og kriminalitetsførebyggjande lågterskel tilbod for ungdom mellom 13 og 20 år lokalisert til Knarvik senter. Tiltaket er interkommunalt og er finansiert av Nordhordlandskommunane og Knarvik senter
- Fritidskalenderen er eit lågterskel tilbod på ettermiddag og helg
- Stig inn – aktiv kvardag er eit prosjekt i Lindås kommune som vart oppretta i 2011 og 2012. Overordna mål er å auke kapasiteten i det kommunale rusarbeidet gjennom å opprette eit lågterskel arbeids- og aktivitetstilbod.

Nordhordland legevakt:

Interkommunal legevakt er eit akutt legetilbod for alle innbyggjarane i Nordhordland som utgjer legevaktsentral og legevakt.

Kommunen skal syte for akutt helsehjelp når innbyggjarane treng det. Interkommunal legevakt er etablert og det er inngått formalisert avtale med Nordhordlandskommunane (inkludert Gulen og Osterøy).

Auka førespurnad, fleire konsultasjonar og akuttsituasjonar på legevakta, saman med nytt gratis legevaktsnummer, gjer det naudsynt å styrke bemanninga ved legevakta.

Styrking av legevakta blei gjennomført mars/ april 2013. Det er også oppretta 5 ØH-D plassar i 2013.

Frå 01.01.2016 blir det ein plikt for kommunane å tilby døgnopphald for personar med akutt behov for hjelp. Det er sannsynleg at det øyremerka til-

skotet då vert ein del av rammefinansieringa, sjølv om det i økonomiplanen no ligg inne som øyremerka midlar i heile perioden.

NAV

Eining for sosialetenester omfattar økonomisk sosialhjelp, råd og rettleiing, kvalifiseringsordninga, rusvern, midlertidig bustad, gjeldsrådgjeving og busetting av flyktningar.

Målet med NAV-reforma er å få fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad. Dette skal ein oppnå gjennom å yte tenester som er enklare for brukarane og som er tilpassa deira behov. NAV Lindås legg vekt på å ha ei heilskapleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning.

Det har i dei siste åra vore ein sto auke i utbetalingar i sosialstøtte. Frå 2011 til 2012 auka talet på sosialhjelpsmottakarar med 8%, frå 2012 til 2013 var aukeinga i sosialhjelpsmottakarar på 13%. I første halvår 2014 ser vi ein ytterlegare auke med 7,5% i høve til i fjor. Frå 2011 og hittil i år har såleis talet på sosialhjelpsmottakarar auka med 29,5 %. Vi har til no i år handsama søknader frå om lag 360 personar.

Rådmannen vil setje i verk eit prosjekt i 2015 med sikte på å få kontroll på dei eskalerande utgiftene knytt til utbetaling av sosialhjelp. Det er henta inn informasjon frå andre kommunar som synar store gevinstar ved å endra tenesta og tilby alternative tiltak som på sikt førar til ein reduksjon i utbetalingane i sosialstønad.

Plan, samfunn og utvikling

Plan, samfunn og utvikling består av einingane eigedom, reinhald, teknisk drift og brann, i tillegg til avdelingane næring, plan, byggesak, landbruk og geodata. For rådmannen er desse fagområda strategisk viktige utviklingsverktøy, som jobbar med planlegging og utvikling av kommunen som organisasjon og samfunn. I programmet Lindås 2019 blir det særleg lagt vekt på å bygge opp eit heilskapleg plansystem kor det er ein «raud tråd» frå planstrategi og overordna planar til planar på einings- og avdelingsnivå. Eit anna satsingsområde er å utarbeide vedlikehaldsstrategiar og planar for eigedom og veg. Målet er mellom anna å sikre

eit meir verdibevarande vedlikehald som gir lengre levetid og høgare standard. Det blir også jobba mykje med infrastrukturutvikling, og kommunen står framfor store utfordringar dei neste åra. Mongstad og Knarvik er viktige satsingsområder kor kommunen må spele ei aktiv rolle. Då er det viktig med økonomisk handlingsrom, i tillegg til kompetanse og ressursar i organisasjonen. I 2015 vil det vere særleg fokus på å legge til rette infrastruktur for ny base på Mongstad, samt ferdigstille områdeplanen for Knarvik sentrum og avklare kommunen sin vidare rolle i det arbeidet.

Budsjett og økonomiplanperiode

Rådmannen gjev framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

6 PLAN, SAMFUNN OG UTVIKLING	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Plan og utvikling	5 128	4 273	5 950	5 950	5 950	5 950
Byggesak	-216	1 482	1 720	1 720	1 720	1 720
Landbruk og miljø	2 014	2 073	2 241	2 241	2 241	2 241
Geodata og oppmåling	884	1 443	1 263	1 263	1 263	1 263
Næring	1 063	1 052	726	726	726	726
Teknisk drift	15 960	16 499	17 122	17 122	17 122	17 122
Eigedom	53 054	52 715	54 560	54 560	54 560	54 560
Reinhald	20 705	21 002	21 036	20 736	20 736	20 736
Brann	12 100	12 640	13 167	13 167	13 167	13 167
Sum tenesteområdet	110 690	113 179	117 785	113 985	113 985	113 985
Endring i % frå budsjett 2014			4,1 %			

Tenesteområdet plan, samfunn og utvikling har auka med 4,6 mill. kr frå 2014 til 2015. I tillegg til lønns- og prisauke skuldast dette i hovudsak at det er budsjettert med 1,4 mill. kr meir i planmidlar i 2015 enn i 2014. På eigedomsavdelinga og teknisk drift er budsjettpostane til vedlikehald prisjustert tilsvarande 3% (utgjør om lag 0,6 mill. kr) i tillegg til at budsjettposten på skulebygg er justert opp med 0,5 mill. kr.

Eining for reinhald er redusert med 0,7 mill. kr i 2015, noko som tilsvarar vikarbudsjettet for reinhald samt ein generell reduksjon. Reduksjonen skal gjennomførast på ein slik måte at det går minst mulig ut over områder som har høgast krav til inneklimate og kvalitet. På avdelinga for landbruk er det lagt inn at veterinæravtala skal seiast opp. Sjå meir om avtalen under.

Næring

Avdelinga består av 1 årsverk. Felles nærings-sjef/samfunnsutviklar arbeider for både Lindås og Austrheim kommune, og har kontorstad i begge kommunane. Samarbeidet er organisert som eit prosjekt, som utgår 31.12.2015. Styringsgruppa arbeider no med ein strategiprosess for korleis samarbeidet kan/skal/bør overførast eller vidareførast. Mongstad har vore utgangspunktet for samarbeidet, og vil fortsatt vere eit hovudfokusområde. Samstundes arbeidar avdelinga med andre samfunn- og næringsutviklingsprosessar utover

Mongstad. Det blir lagt opp til å drive ein så offensiv næringspolitikk som overhovudet mogleg, slik at Mongstad og regionen kan utvikle seg vidare. I dette arbeidet er dialogen mellom politikk, administrasjon og lokale næringsaktørar sentral. Felles næringsavdeling er også sekretariat for Nettverk for Petroleumskommunar, deltar i byregionprogrammet til Kommunal- og Moderniseringsdepartementet saman med kommunane Bergen, Fjell og Askøy. Programmet har nyleg avslutta eit forprosjekt i Regionale Forskningsfond Vestlandet i

tett samarbeid med Høgskulen i Bergen. Felles næringsjef/samfunnsutviklar er også sakshandsamar for Lindås kommune sitt næringsfond. Arbeidet til avdelinga er forankra i strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim (2011-2020), og ein oppdatert næringsplan vil komme på plass når samarbeidsform utover 31.12.2015 er avklart.

Næringsfondet

Næringsfondet er eit utviklingsverktøy for å stimulere til eit breitt næringsliv. Per okt. 2014 er det disponibelt 462 953 kr på fondet. Rådmannen har gjort framlegg om å overføra 500 000 kr frå generelt disposisjonsfond til næringsfond, jamfør rådmannens framlegg til vedtak.

Plan, byggesak, landbruk og geodata

Desse avdelingane har vore ein del av eininga Areal og miljø. Rådmannen har sett i gang ein prosess kor ein ser på den vidare organiseringa, og dette skal avklarast i eit organisasjonsprosjekt i løpet av 2014/2015.

Avdelingane utfører:

- Forvaltningsoppgåver for plan- og byggesak etter plan- og bygningslova, ureiningslova og lov om eigarseksjonar.
- Utarbeiding av overordna kommuneplanar og offentlege reguleringsplanar knytt til sentrumsområde, trafikktryggleik, infrastruktur og andre prioriterte føremål.
- Forvaltningsoppgåver for kart- og oppmålingsarbeid etter delingslova, adresse-/stadnamnarbeid, etablering av geodetisk grunnlag, drift av geografiske informasjonssystem (GIS) og drift av matrikkel.

Budsjett 2015

Det er i budsjettet for 2015 lagt inn ein gebyrauke på arealplanar, byggesaker og delesaker i 2015 med eit gjennomsnitt på 5 %.

Status

Restansar på byggesak er 140 saker per oktober 2014. Dette noko meir enn normalt og skuldast at det over tid har vore manglande kapasitet på avdelinga. Manglande kapasitet skuldast både sjukdom og vakante stillingar. I tillegg har det vore utfordringar med innføring av ny sakshandsamingssystem.

Rådmannen legg inn 2,5 mill. kr i planmidlar til kjøp av eksterne konsulentar til arealplanarbeid (offentlege planar). Dette er 1,4 mill. kr meir enn i 2014. Bakgrunnen for dette er at rådmannen ønskjer å starte arbeidet på sentrale planar som tidlegare er utsett på grunn av manglande kapasitet ved planavdelinga. I august 2014 blei avdelinga fullt bemanna og ein vil bruke 2015 til å kome ajour. I tillegg er det viktig å slutføre arbeidet med områdeplan for Knarvik sentrum, kor målet er å bli ferdig i 2015. Det er også viktig å sikre planressursar og kapasitet til å møte dei endringane som kjem i samband med etablering av ny hovudbase for Statoil på Mongstad. Det er også planlagt ein rullering av planstrategien i slutten av 2014, som igjen vil danne grunnlaget for kva planar ein skal prioritere i 2015 og utover.

Landbruk og veterinæravtale

Avtale om samarbeid om veterinær mellom dei gjeldande kommunane tok til i 1950. Frå 1980 har Lindås kommune hatt driftsansvaret for den felles ordninga som gjeld for kommunane. Det har vore tilsett kommuneveterinær i 3x75 % stilling i desse kommunane sidan den gong. Kvar veterinær får løn kr. 118.445,- i 75 % stilling. Kostnadane med ordninga har vore fordelt høvesvis mellom kommunane. Utgangspunkt for fordeling har vore produksjonstilskot til bøndene i den einskilde kommune. Lindås har etter dette betalt 55 %, Radøy 39 % og Austrheim 6 % av ein samla kostnad (2013) på kr. 488.000,-. Etter avtalen frå 1980 går det fram at eit råd skal styre utviklinga av samarbeidsavtalen. I dette rådet skal det vere ein medlem frå kvar av kommunane og medlemmar er oppnemnt. Slik det ser ut, har rådet fram til no ikkje vore i drift. Rådet har heller ikkje noko sekretariat eller andre ordningar som syter for å kalle saman rådet. Avtalen som vart inngått i 1980 om levering av felles veterinærtenester, seier lite om kva tenester som skal leverast og det er ingen tilsettingsavtalar som regulerer dei tilsette veterinærane sine plikter. Avtalen gjeld berre kostnadane ved ordninga.

Avtalen i 1980 var å trygge tilgang til dyrlege for bøndene. Sidan 1980 er det vakse fram godt med ulike tilbod om dyreklinikkar i området. Klinikane vert mest oppsøkt av smådyreigarar samtidig med at bøndene sine dyr har gått ned i tal. Avtalen har lenge vore moden for ein gjennomgang. Rådmannen meiner avtalen ikkje lenger har noko fordel for kommunane, og bør seiast opp. Lindås kommune har også styrka landbrukskontoret og det er tilsett ein ny landbrukssjef som startar 01.02.2015.

Teknisk drift

Teknisk drift består av kommunale vegar, vatn og avløp, renovasjon og slam.

Lindås kommune leverar vatn til private hushald og bedrifter, samt Austrheim kommune. Eininga handterer også mottak og handsaming av avløpsvatn frå hushald og bedrifter, og privat slamrenovasjon gjennom tømning av private septiktankar. For renovasjon ligg fagansvar i Lindås kommune for interkommunal renovasjonsordning.

Eininga står også for drift, vedlikehald og forvaltning av kommunale vegar, i tillegg til drift og vedlikehald av veglys på kommunale og private vegar.

Vedlikehaldsbehov på kommunale vegar:

- Kommunal vegbane utgjer 213 km + eit titals km fortau/gang og sykkelveg, samt diverse plassar, omsett til 219 kilometer veg.
- Fast dekke utgjer 192 km
- Grusdekke 39 km

Fast dekke har normalt ein varigheit på 20 -25 år på lågtrafikkvegar. Oksidasjon og forvitring gjennom så mange år medfører at dekket må fornyast. Stor trafikkbelastning kan føre til kortare levetid, kanskje ned mot ei halvering.

Ved ein snittlevetid for fast dekke på 22 år, må 8 km reasfalterast kvart år for å oppretthalde standarden. Med ein snittkostnad på 0,5 mill. kr. per km i asfalteringskostnad, utgjer dette 4 mill per år i driftskostnad. I 2015 ligg det inne 1,7 mill. kr til vegvedlikehald.

I dag har ikkje Lindås kommune ein plan for vedlikehaldsarbeid på veg. I 2015 er det ei prioritert oppgåve å utarbeide ein hovudplan på veg kor det kjem fram kva vedlikehaldsbehov det er og kva som skal prioriterast å utbedrast. Rådmannen vil vurdere ein eventuell auke i budsjetttramma seinare i økonomiplanperioden på vedlikehald på veg etter at prioritert vedlikehaldsplan er vedteken.

Brann- og redningsteneste:

Brannførebygging: Tilsyn med branntryggleik i større bygg, samt generelt informasjons- og motivasjonsarbeid. Interkommunalt organisert teneste for 9 kommunar med Lindås kommune som vertskommune.

Feiing: Feiing og førebyggjande tilsyn i private heimar. Samarbeid med Meland kommune. Feiing vert som hovudprinsipp utført kvart anna år hjå abonnentane. Tilsyn kvart 4 år.

Brann- og redningsteneste: Akuttberedskap og utrykking ved brann, ulukker og oljeutslepp. Samarbeid med Meland kommune.

Eigedom

Drift og vedlikehald av bygg

Eininga forvaltar, driftar og vedlikeheld kommunalt eigde og til dels leigde eigedomar. Dette inkluderer mellom anna oppfølging av offentlege pålegg innanfor til dømes brannførebygging, helse, miljø og tryggleik. Det gjeld også drift og vedlikehald av kommunen sine uteområde, leikeplassar og idrettsanlegg.

Prosjektering og utbygging

Eininga har ansvar for utarbeiding og gjennomføring av alle nye prosjekt og er bindeledd mellom kommunen og entreprenørar i prosjektgjennomføringa.

Det skal utarbeidast ein plan og oversikt over bygningane Lindås kommune eig, behov for vedlikehald og ein prioritering av tidpunkt for gjennomføring av vedlikehald. Det vert i dag gjennomført vedlikehald når det oppstår akutte behov, og gjennomføringa av vedlikehald er ikkje forankra i ein strategisk plan. Målsetnaden er gjennom ein god plan å koma tidlegare inn med gjennomføringa av vedlikehald, slik at dei akutte og kostnadsnevjande vedlikehaldstiltaka på sikt kan fasast ut.

Løyvingane til vedlikehald må over tid avspegla bygningsvolumet det skal dekkja. Arealet aukar kvart år utan at det er rom for å auke driftsbudsjetta. Dette gjer det vanskeleg å oppretthalda like god kvalitet i bygga.

Ei utviding/ endring av prosjektavdelinga må føretakast for å sikra ei god planlegging og oppfølging av investeringsprosjekta, inkludert skjerpa krav til helse, miljø og tryggleik. Innkjøpsrolla av tenester er blitt stadig meir krevjande i høve til eit komplisert innkjøpsreglement. Det vil være heilt avgjerande å innføre betre system for oppfølging av prosjekta, i dag har Lindås kommune ikkje eit system for prosjektoppfølgning som automatisk «snakkar» med økonomisystemet. Dette vil vere ein prioritert oppgåve å få innført i økonomiplanperioden.

Kommunen har mange bustader som skal vedlikehaldast. Det er vanskeleg å føra eit forsvarleg tilsyn i høve til buevne og oppdaga feil på eit tidleg tidspunkt. Dette er eit svært viktig område å setja

inn tiltak på. Etter prosessar dei siste åra ser ein at ei god løysing vil vera å ha ein fast burettleiar som kan vera bindeledd mellom fageiningane, samt at denne personen kan gjera enklare fysisk arbeid når det er påkrevd. Det vert jobba med å få dette til i økonomiplanperioden.

Reinhold

Eininga yter reinhold ved alle kommunale eigde og leigde lokalar. Reinhold vert utført etter ein inter-

nordisk kvalitetsstandard (INSTA 800). Det er viktig å leggja kommunen sine bygg til rette for eit effektivt reinhold med bruk av moderne utstyr. Reinholdet vert utført på i alt 57 fysisk forskjellige arbeidsplassar.

Eininga driv også 3 vaskeri. På vaskeria vert bebuarar sitt private tøy vaska og flattøyt (seng og hygiene-tøy) vert organisert til og frå eksternt vaskeri. Vaskeriet på Lindås er unnataket, dei vaskar også seng og hygiene tøy for sjukeheimane.


Investeringsbudsjett

Investeringsbudsjettet omfattar investeringar i anleggsmidlar, utlån og eventuelle forskoteringar. Budsjettet skal syna korleis desse investeringane er planlagd finansiert.

Innleiing

Lindås kommune har dei seinare åra gjennomført store investeringar, noko som har ført med seg ein stor auke i lånegjelda. Dersom ein trekk vekk den samla gjelda for lån til vidare utlån (husbank-ordningane) av det totale lånebeløpet, får vi den

utviklinga som er vist under. Tala er basert på vedtekne investeringar for tidlegare år, og for åra 2015-2018 er rådmannens forslag i økonomiplanen lagt til grunn. I 2013 og 2014 er lånet Lindås Kyrkjelege fellesråd tek opp i samband med bygging av ny kyrkje i Knarvik lagt inn (totalt 54,1 mill. kr). Det er Lindås kyrkjelige fellesråd som tek opp lånet, men Lindås kommune er garantist og betalar alle renter og avdrag.



Grafen synar investeringar i rådmannens framlegg til investeringsbudsjett i 2015 – 2018.

Frå 2006 til 2017 har lånet auka frå 330 mill. kr til 1177 mill. kr. Det er slik rådmannen vurderer det heilt naudsynt å få ei kraftig utflating av denne gjeldsveksten. Anten ved å investere mindre eller ved å driftsfinansiere investeringane. Ein stadig større del av kommunen sine disponible inntekter vil i åra som kjem gå til å betale renter og avdrag.

I rekneskapen for 2013 betalte Lindås kommune om lag 52 mill. kr i renter og avdrag, noko som med ei lånegjeld på 1,177 mrd. kr og 4 % rente vil auka til om lag 86 mill. kr. i året.

Følgjande tabell kan illustrera effekten av renter og avdrag i driftsrekneskapen (rentenivå 4 %, avdragsperiode 30 år):

Med 4% rente

Utgifter pr. år	Lånebeløp				
Lån	5 000 000	10 000 000	25 000 000	50 000 000	100 000 000
Renter og avdrag	366 667	733 333	1 833 333	3 666 667	7 333 333

Oversyn

Når det gjeld kollonna for budsjett 2014, inneheld denne rådmannens forslag til endringar i samband med 2. tertialrapport 2014. Det inneber at budsjett 2014 er korrigert for reell framdrift.

Nr	BRUTTO INVESTERINGAR	Prosjekt-kostnad	Tidlegare budsjett	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Sum 2015-2018
1	Ventilasjon rådhus og utviing av kontor	7 000		3 180	3 000	1 000			4 000
2	Rehabilitering administrasjonsbygg	Løpande		500	500	500	500	500	2 000
	Sum administrasjonsbygg (delsum)			3 680	3 500	1 500	500	500	6 000
3	Leiknes skule utan gymsal/ storstove	81 600	64 193	15 407	2 000				2 000
4	Leiknes skule Storstove	28 000		500	13 500	14 000			27 500
5	Lindås barneskule , byggjetrinn 3 (rehab)	17 800		2 100	15 700				15 700
6	Alversund barneskule	120 000		2 660	33 000	50 340	34 000		117 340
7	Ventilasjon Knarvik barneskule	4 000			4 000				4 000
8	Knarvik barneskule (ny)	150 000			1 000	1 800	50 000	50 000	102 800
9	Rive rektorbustad Eikanger	500			500				500
10	Rive gult hus ved Seim skule	500			500				500
11	Leikeplassutstyr	Løpande				250		250	500
12	Rehabilitering skulebygg	Løpande		5 000	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000
	Sum skulebygg (delsum)			36 221	75 200	71 390	89 000	55 250	290 840
13	Knarvik idrettsanlegg, ny drifts bygning	1 500		0		1 500			1 500
14	Knarvik stadion - spurtandekke	4 400		107	4 293				4 293
15	Lindås idrettsanlegg/Lindås barneskule - uteområde	13 000		150	12 850				12 850
16	Nordhordlandshallen, nytt dekke	5 000				5 000			5 000
17	Kvassnesstemma friluftsområde	1 000	564	36		400			400
18	Sikring av friområde i Kvamsvågen	500	3	270		227			227
19	Utvikling av vei/parkering + kjøp av vei Kvamsvågen	1 500			500	1 000			1 500
20	Utstyr Nordhordlandshallen				200				200
21	Ymse friområde/ kulturtiltak	Løpande	300	300	500	200	200	200	1 100
	Sum kultur og idrett (delsum)			863	18 343	8 327	200	200	27 070
22	Rehabilitering barnehagebygg	Løpande		1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
	Sum barnehagebygg (delsum)			1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
23	Nye bustader rus og psykiatri					6 500			6 500
24	Rehabilitering av bustadar	Løpande		2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
	Sum bustader helse og sosial (delsum)			2 000	2 000	8 500	2 000	2 000	14 500
25	Ostertun	42 000	5 000	26 100	10 900				10 900
26	Rehabilitering instutisjon og omsorgsbustader	Løpande		1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
27	Bufellenskap	16 000			1 000	15 000			16 000
	Sum Instutisjon og omsorgsbustader (delsum)			27 100	12 900	16 000	1 000	1 000	30 900
28	Kyrkjeleg fellesråd			500	500	500	500	500	2 000
	Gravplassar		2 200	6 000					0
	Sum kyrkjeleg fellesråd (delsum)			6 500	500	500	500	500	2 000
29	Sum vann			24 000	37 000	43 500	18 000	23 000	121 500
30	Sum avløp			12 700	12 400	16 000	16 000	15 000	59 400
31	Sum veg			13 200	15 500	18 600	18 400	16 400	68 900
32	Sum brann			1 500	400	400	400	400	1 600
33	Handlingsplan univers. utf.	61 000			400				400
34	Vernerunder/Universell utforming	Løpande			3 000	1 100	1 100	1 100	6 300
35	Digitalt kartverk		1 100	500	250	250	250	250	1 000
36	Digitalt byggesaksarkiv				2 000				2 000
37	IKT-anlegg		4 000	2 000	2 500	2 000	2 000	2 000	8 500
38	Egenkapitalinnskot KLP			17 668	2 390	2 400	2 400	2 400	9 590
	Sum andre tiltak på tvers av tenesteområda			20 168	10 540	5 750	5 750	5 750	16 200
	Brutto investeringar			148 932	189 283	191 467	152 750	121 000	654 500

	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Sum 2015- 2018
Investeringar finansierte av kommunale inntekter	112 232	139 883	131 967	118 750	83 000	473 600
Investeringar finansierte av gebyr vatn og avløp	36 700	49 400	59 500	34 000	38 000	180 900
	148 932	189 283	191 467	152 750	121 000	654 500

Finansiering

I tillegg til dei brutto investeringane skal også opptak av nye Husbanklån, og avdrag på slike, finansierast:

FINANSIERINGSBEHOV	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Sum 2015- 2018		
Brutto investeringar	0	0	148 932	189 283	191 467	152 750	121 000	654 500
Avdrag på formidlingslån			4 500	13 900	15 300	16 600	18 000	63 800
Formidling av Husbanklån			50 000	30 000	30 000	30 000	30 000	120 000
Sum finansieringsbehov			203 432	233 183	236 767	199 350	169 000	838 300

Sum finansieringsbehov blir finansiert slik:

FINANSIERING	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Sum 2015- 2018
Lån						
Husbanklån		30 000	30 000	30 000	30 000	120 000
Generelle investeringar	45 269	83 116	92 274	87 720	64 000	327 110
Avløpsrenseanlegg	12 700	12 400	16 000	16 000	15 000	59 400
Vassverk	24 000	37 000	43 500	18 000	23 000	121 500
Sum låneopptak	131 969	162 516	181 774	151 720	132 000	628 010
Mottekne avdrag på formidlingslån	4 500	13 900	15 300	16 600	18 000	63 800
SUM EKSTERN FINANSIERING	136 469	176 416	197 074	168 320	150 000	691 810
Anna finansiering						
Driftsfinansiering (forskriftsbestemt)	23 646	27 977	26 393	22 750	16 600	93 720
Tilskot husbanken, Ostertun	0	8 400				8 400
Statlig investeringstilskot, bufelleskap				5 880		5 880
Salg av tomt i Galteråsen		18 000				18 000
Tilbakeføring av mellomfinansiering startlån 2013	8 749					0
Disposisjonsfond KLP (driftsfinansiering)	17 668	2 390	2 400	2 400	2 400	9 590
Driftsfinansiering, reduserte driftskostnader						0
Tippemidler og tilskot Storstove/Leiknes			5 500			5 500
Tippemidler og tilskot Lindås			5 400			5 400
Utbytte Lindås tomeselskap	3 000					0
Bruk av investeringsfond	13 900					0
SUM INTERN FINANSIERING	66 963	56 767	39 693	31 030	19 000	146 490
SUM FINANSIERING	203 432	233 183	236 767	199 350	169 000	838 300

Kommentarar til prosjekta

1) Ventilasjon rådhus, utviding av tal kontor og utbetring av publikumsområdet:

Budsjettet er tenkt brukt til å gjere utbetringar og tilpassingar av inngangspartiet på rådhuset, for å gjere det til eit meir tenleg service- og publikumsområde og for å betre tryggleiken til dei tilsette. Inneklima i rådhuset er ikkje tilfredstillande på grunn av dårleg ventilasjon. Det er påpeika under vernerundar og stadfesta gjennom tilsette med helseutfordringar. Ein må jobbe for å finne løysingar som ikkje gjer det naudsynt å skifta ut heile ventilasjonsanlegget. Å skifta heile anlegget vil koste langt meir enn den ramma som er til rådvelde.

2) Rehabilitering administrasjonsbygg

Det er lagt inn ein sum til mindre rehabiliteringar.

3) Leiknes skule

Prosjektet starta i 2007, og slutførast i november 2014 ved oppføring av eit uverskur.

Det har vore mange utfordringar med dette prosjektet i form av at den eksisterande bygningsmassen var av dårlegare kvalitet enn forventa.

4) Storstove/Gymnastikksal på Leiknes skule:

Det ligg føre eit romprogram som er kostnadsberakna til 28 mill kr inkl mva. Dette stetter krava frå skulen og Bygdelaget. Anbudet lysast ut på nyåret og med planlagd oppstart av prosjektet sumar 2015. Anbudet vil bli lyst ut som ei totalentreprise. Det er lagt inn at kommunen vil få dekkja 4 mill. kr i tippemidler og 1,5 mill. kr frå bygdelaget.

5) Lindås barneskule:

Paviljongbygget vart tatt i bruk i august 2012, og fase 2 vart tatt i bruk august 2014. Byggesteg 3, som er den eldste delen av skulen startar opp i november 2014 og har ei ramme på 17,8 mill inkl mva. Skulen skal stå klar til skulestart 2015.

6) Alversund barneskule:

Det vart i budsjettarbeidet for 2014 vedtatt at rehabiliteringsarbeida på Alversund skule skulle koste 120 mill. kr inkl mva. Rådmannen har i samråd med skulen og eit prosjekteringsteam søkt å spare der ein kan for å få mest mogleg gjort innafor ramma, men samtidig vore opptatt av å legge til rette for gode pedagogiske løysingar. Vi har og stort fokus på driftseffektive løysingar og god kvalitet.

Det er eit krevjande prosjekt. Både med omsyn til at det skal vere full drift på skulen under byggeperioden, tryggleik for born og tilsette, lage ei god funksjonsbeskriving for entreprenørane og samstundes tenke kostnadseffektivitet.

7) Ventilasjon Knarvik barneskule:

Ref. sak 088/14 i kommunestyret 16.10.14. I påvente av ny Knarvik barneskule vil rådmannen investere i nytt ventilasjonsanlegg på Knarvik barneskule. Skulen er i dag ikkje godkjent etter miljøretta helsevern grunna manglande ventilasjon.

8) Knarvik barneskule:

Skulen er i dag for liten og har behov for meir areal. Den er slitt og er ikkje godkjent etter miljøretta helsevern grunna manglande ventilasjon. Trafikktryggleik er og eit problem. Det er avsatt 1 mill i budsjett for 2014 til planlegging av ny Knarvik barneskule. Rådmannen rår til at det avsettes midler til ny Knarvik barneskule i økonomiplanperioden. Ny Knarvik barneskule kan stå klar til skuleåret 2019.

Rådmannen ynskjer å nytte ei innovativ offentleg anskaffelse med dialog med markedet i ei tidlegfase med mellom anna leverandørutvikling og samspillsentreprise. Dette er ei samspillsavtale + NS 8407 (totalentreprise) + funksjonsbeskriving. Det må lysast ut etter ei erfaren prosjektleiar som kjenner til arbeidsmetoden og som kan følgje prosjektet.

Det er viktig å tenke storskule når ein planleggjer ny Knarvik barneskule. Tenke mogleghet for utvidig/påbygg, men byggje i trinn. Knarvik skal ha mogleghet til å ekspandera.

I områdeplanen for Lonelva og Juvikvarden er det avsett ny tomt for barneskule. Tomta er på 23 dekar.

Ein ynskjer å nytte Søreide skule som referanse-skule. Skulen er kostnadsestimert til kr 150 mill basert på forventa elevtal på 250 stk.

9) Rive rektorbustad Eikanger

Den gamle rektorbustaden på Eikanger er tømt, lukket og avstengd. Bustaden er i dårleg stand med mellom anna vasslekkasje i kjellaren. Den ligg inne på skuleplassen og kan ikkje selgast. Det er gjort avtale med Brannvesenet at dei kan nytte bustaden som øvingshus og tilslutt brenne opp huset. Det kostar mindre enn å rive bygget og Brannvesenet treng øvingsprosjekt. Tryggleiken til born og tilsette har høgt fokus.

10) Rive gult hus ved Seim skule

Tomten for dette huset skal inngå i utearealet til skulen. Også her er det gjort avtale med Brannvesenet at dei kan nytte dette som øvingsobjekt. Huset er avstengd og klargjort for riving. Tryggleiken til born og tilsette har høgt fokus

11) Leikeplassutstyr

Det er avsatt ei lita sum anna kvart år til nye leikeapparat.

12) Rehabilitering skulebygg

Skular som ikkje er prioriterte med nybygg /større rehabilitering treng også oppgradering. (jfr. kommunedelplan).

13) Knarvik idrettsanlegg, ny driftsbygning:

Det er mykje utstyr i samband med baner og hall, og lagerplass for dette utstyret manglar. I reguleringsplanen er det sett av areal til lageret. Ramma på 1,5 dekker eit lite lager utan oppvarming.

14) Knarvik Stadion spurtandekke:

Anbodet har vore ute to gonger. Fyrste gong vart det avlyst grunna kun ei tilbydar. Prisane etter andre gong visar 4,4 mill på Knarvik stadion for å få eit fullverdig anlegg. Spurtandekket på Knarvik stadion vil ikkje få ei fullverdig løysing med berre sprøyting. Det er angitt ei antatt levetid på ca 5 år med sprøyting og skifte av deler av dekket. Dette kostar 2,1 mill kr. Viss ein skiftar heile dekket vil vi få ei antatt levetid på ca 30 år. Sett i eit livs-

løpssperspektiv er det mest lønnsomt å skifte heile dekket for ei meirkost på 2,3 mill kr.

15) Lindås idrettsanlegg/ Lindås barneskule - uteområde:

Anbudet har vore ute to gonger. Fyrste gong vart det avlyst grunna kun ei tilbydar. Prisane etter andre gong er lågare, men visar at ein må avsette 13 mill inkl mva på Lindås idrettsanlegg for å få fullverdige anlegg. På Lindås idrettsanlegg er det avsatt opsjonar slik at ein kan begynne på banen for 11,4 mill. Da får ein ei bane som inneheld kun kunstgrasbane og grus rundt og ikkje løpedekke. Ein trekker og ut kunstgraset frå liten bane og legger grus der. Alle friidrettsøvelsespunkta er fjerna. Rådmannen rår til at alle midlane vert løyvd slik at ei får ei fullverdig bane.

16) Nordhordlandshallen – nytt dekke

Dekke i fotballhallen har slitasjeskadar og må planleggjast å skiftast i perioden. Det burde utredast om ein skal byte til nytt kunstgress eller leggje parkett. Ein må ta omsyn til behov, driftskostnader, levetid, inneklima og egnethet.

17) Kvassnesstemma friluftsområde

Det står att ein del for å fullføra prosjektet når det gjeld utbetring av veg og mudring langs strendene, eventuelt oppsett av ei overbygd paviljong utan veggjar som kunne vert nytta av barnehageborn og andre.

18) Sikring av friområde i Kvamsvågen:

Den gamle flytebrygga i tre er fjerna og ein har kjøpt og montert ei flytebrygge i betong. Dette for å spare vedlikehaldskostnader. Vegen bak nausta treng ei opprusting då denne er delvis vaska ut.

19) Utvikling av vei/ parkering, samt kjøp av vei Kvamsvågen:

Eigar av veg ned til friområdet ynskjer ei avtale med kommunen om overtaking av denne vegen på visse vilkår. I reguleringsplanen er det vist ei utviding av vegen og anlegging av nye parkeringsplassar. For at friområdet skal kunne nyttast for alle må ein ha mogleghet til å kjøre bil ned vegen og med handicaplassar nede ved friområdet.

20) Utstyr Nordhordlandshallen:

For å auke tryggleiken i hallen bør det gjerast oppgraderingar av mellom anna lysanlegget. Dette er

mellombels sikra slik at det held seg på plass. Utbetre sikkerhetsnett og skilleveggjar i fotballhallen, ei vogn for å sikre og transportere golvplater med meir. Det er og behov for ei del nytt fellesutstyr som til dømes hoppemadrass i hallen.

21) Ymse friområde/kulturtiltak:

Midler til å opparbeida friområde som fell utanfor Bergen og omland friluftsråd sine planar. I tillegg ligg riving av kai Kraft'n under denne posten.

22) Rehabilitering barnehagebygg:

Det er behov for oppgradering ved fleire av dei kommunale barnehagane i Lindås kommune.

23) Nye bustader (rus/psykiatri):

Det er ikkje avsett tomt til formålet og dette må avklarast.

24) Rehabilitering av bustader:

Det er eit stort behov for rehabilitering av bustadmassen, kommunale utleigebustader blir slitt og må rehabiliterast ved utflytting. Det er behov for sikring i høve til brann for brukarar med fysiske handikap og andre som treng assistert røming. Bruken av boligar endrar seg stadig og med det kjem det andre krav og behov slik at boligane må endrast og.

25) Omsorgsbustader Ostertun :

Prosjektet omfattar bygging av 10 heildøgns omsorgsbustadar med seniorsenter, samt base for heimetenesta. Byggjearbeida starta opp i slutten av januar 2014 og vil stå ferdig til mai 2015.

Det har vist seg å vere store avvik i prosjekteringsgrunnlaget og manglande postar. Massekontrollen syntte store avvik og vasstrykket er for lågt for å stette krava til TEK 10 på sprinkleranlegget. Det vert jobba med å redusere avvika, men er det lagt inn ei auke på 2 mill grunna desse avvika.

26) Rehabilitering av institusjonsbygg og omsorgsbustader:

Midlar til mindre utvendig og innvendig rehabilitering av kommunale institusjonar, inkludert oppgradering av brannsikring og andre tekniske anlegg.

27) Bufellesskap:

Det er i sak om bufellesskap for menneske med psykisk utviklingshemming lagt inn midlar i investeringsbudsjettet for å starta planlegginga av bufellesskap i 2015. Bufellesskapet skal stå ferdig i løpet av 2016. Prosjektet har brutto investeringskostnad på 19 560 000 kr. Kommunen får 5 880 000 kr i statleg tilskot ved bygging av bufellesskapet.

28) Kyrkjeleg fellesråd:

Fellessrådet får overført midlar frå kommunen til å investera i mindre anleggsmidlar, til dømes utstyr og mindre rehabilitering/utskifting på bygg.

29) Vatn

Investeringane under vatn er lagt opp til følgjande investeringsprosjekt: Utbetring av vassleidningsnett, planlegging vassforsyning Mongstad, VA-anlegg Mongstad Sør - Litlås, vassforsyning Mongstad, reinseanlegg Litlås, vassleidning Storavatnet - Fammestad (Kløve), servicebilar VA og trykkauke på Hundvin. Vidare i økonomiplanperioden er det lagt opp til Industrivannsutbygging, drikkevannsdel.

30) Avløp

Investeringane under avløp er lagt opp til å omfatte kloakksanering Knarvik kai og Klubbstøa, reinseanlegg avløp Kvassneset, gangstø rensanlegg og saneringsplanar. Vidare i økonomiplanperioden er det lagt opp til overføring Isdalstø – Knarvik, overføring Hilland vest – Gangstø, rensanlegg Mongstad sør og avløpsledning Alverstraumen.

31) Veg

Ramma for veg vil verte nytta på vegar, kaier, bruer mm. Etter ein prioritering basert på faglege og sikkerheitsmessige omsyn.

Tilstanden på nokre av bruene i kommunen er ikkje i kvalitetsmessig god nok stand, og rådmannen vil prioritera opprusting av bruer framfor nyasfaltering av grusvegar mm.

Foruten opprusting av bruer, er følgjande punkt med i oppsettet til rådmannen når vedteken ramme skal prioriterast:

Vegskilt, fjellsikring, fast vegdekke, oppgradering av gamle asfaltvegar, overvatn/flomsikring/drenering, vegmerking kommunale vegar, kaier, fornying av driftsmidler, rekkekanter (guardrail), mindre trafikksikringstiltak, hovudplan veg, salt-

lager, vegutbetring øvre Veland, Vegutbetring Kleivdalsvegen, Vegutbetring Hopsdalsvegen, Mindre utbetringar Bergås, Reikerås, Erstad og Bjørnevoll og sykkelprosjekt.

32) Brann

Utskifting av driftsmidlar: Kontinuerlig utskifting/kjøp av nye brannpumper, aggregat, og liknande.

33) Handlingsplan universell utforming:

Alle kommunar er pålagt å laga handlingsplanar for universell utforming. Lindås kommune har utført registrering av sine bygningar og anlegg med omsyn på universell tilrettelegging. Det ligg føre ei grovkalkyle på om lag kr 61 mill. for å få utført alle tiltaka. Tiltaka skal vera gjennomført innan 2020.

34) Vernerunder/ universellutforming

På bakgrunn av avholdte vernerundar er det avdekka feil og manglar på ulike bygg som går ut over helse, tryggleik og arbeidsmiljø. Døme er fukt, rømningsveger, trappeheis, solskjerming, klemlister mm. Det kjem og brukarar/elevar med spesielle behov på til dømes skuler som krev spesiell tilrettelegging og ombygging.

35) Digitalt kartverk/plottar:

Investeringar i nytt digitalt kartverk samsvarar med godkjent geodataplan. På grunn av stor aktivitet i kommunen er det lagd inn midlar til omløpsfotografering (retting av situasjonskart) i enkelte område av kommunen.

36) Digitalt byggesaksarkiv:

Lindås kommune har i dag eit manuelt arkiv for byggesaker, og ein bruker mykje tid og ressursar på å hente ut desse opplysningane manuelt, både til eige bruk og til publikum. Eit digitalt byggesaksarkiv vil vere eit særskilt viktig verktøy for å modernisere og profesjonalisere denne delen av forvaltninga. Det vil gje betre arbeidsprosessar, noko som er eit viktig mål for Lindås 2019. I tillegg vil det vere mulig for innbyggjarar sjølv å søke opp sentrale opplysningar via nettsidene. Viktige fordelar med digitalt byggesaksarkiv:

- Viktig dokumentasjon blir lettare tilgjengelig for sakshandsaming og innbyggjarar.
- Betre effektivitet i sakshandsaminga og reduksjon av manuelt arbeid
- Betre kvalitet i dei tenestene som blir gitt

37) IKT-anlegg:

Investeringar i samsvar med kommunen sin vedtekne IKT-strategi. Dei siste åra i økonomiplanen må ein koma attende til i samband med revideringa av strategien.

38) Egenkapitalinnskot KLP

Lindås kommune bytta pensjonsleverandør til KLP frå 01.01.2014. KLP er eit medlemseigd selskap, og det er derfor naudsynt å gå inn med eigenkapital tilsvarande kommunens del av selskapets totale forvaltning.